

B R U E R

BORN

RØTER

UNGDOM

ELDRE

RELASJONAR



Skodje kommune



PROSJEKTBEKRIVELSE 1999-2002

Innholdsliste:

BAKGRUNN OG FRAMDRIFT FOR PROSJEKTET4

Verdirådet sitt grunnlagsarbeid	6
Mål:	6
Struktur:	6
Visjon	6
Symbolikk	6
Tiltaksmål	7
Verkemiddel og arbeidsmåtar	7
Refleksjon	7
Handling/aktivitet tilrettelagt/initiert av:	7

LITT OM OSS I SKODJE:9

Befolkning	11
Møteplassar	11
Aktivitet	11
Utfordring	12
Kommunale ytingsorgan	13
Møteplassar:	13
Aktivitet:	13
Utfordring:	13
Grender	14
Utfordring	14
Vaksengruppa	15
Aktivitet	15
Utfordring	15
Barn	16
Møteplassar	16
Aktivitet	16
Utfordring	16
Lag/organisasjonar	17
Utfordring	17
Unge	18
Møteplassar	18
Aktivitet	18
Utfordringar	18
Eldre	19
Møteplassar	19
Aktivitet	19
Utfordring	19
Råd og utval	20
Møteplassar:	20
Aktivitet:	20
Utfordring:	20

UTFORDRINGAR OG TILTAK I PROSJEKTPERIODEN 1999-2002.....21

Tiltaksmål 1 i prosjektperioden 1999-2002:	23
--	----

Tiltaksmål 2 og 3 i prosjektperioden 1999-2002:	25
Tiltaksmål 4 i prosjektperioden 1999-2002:	27
Tiltaksmål 5 i prosjektperioden 1999-2002:	29
Tiltaksmål 6 i prosjektperioden 1999-2002:	31

Handlingsplan.....32

Politisk organisering av verdiarbeidet	33
Verdirådet:	33
Referansegruppe:	33

Administrativ organisering av verdiarbeidet	34
PROSJEKTLEIAR:.....	34

ØKONOMI.....	35
Tiltak: Opprette relasjoner til Voi i Kenya	36
Tiltak: Opprette informasjonskanalar	36
Tiltak: Oppussing av ”kommunevåpenet vårt”, Skodjebrua.....	37
Tiltak: Bygdevandring og fiskekonkurranse ved Skodjebrua	37
Tiltak: Nettverksbygging.....	38
Tema for verdimøte: Relasjoner.....	38
Forskningsprosjekt: Barn i spenningsfeltet	39

VEDLEGG 1.....	40
Befolkning.....	40

VEDLEGG 2.....	43
Kommunale Ytingsorgan	43

VEDLEGG 3.....	45
Grender	45

VEDLEGG 4.....	46
VaksenGruppen	46

VEDLEGG 5.....	47
Barn.....	47

VEDLEGG 6.....	49
Lag/oRganisasjonar	49

VEDLEGG 7.....	51
Unge.....	51

VEDLEGG 8.....	52
Eldre	52

VEDLEGG 9.....	53
Råd og utval.....	53

BAKGRUNN OG FRAMDRIFT FOR PROSJEKTET

Bakgrunn

Skodje er nabo til Ålesund kommune. Det har mange positive sider som god infrastruktur, breitt tenestetilbod og stor og variert arbeidsmarknad. Minuset er aukande sosial uro, der sjølvstilt ikkje alt, men noko kan ha samanheng med nærleik til by.

Skodje kommune har dei siste åra også hatt ein del politisk uro. Bakgrunnen er trong kommuneøkonomi som mellom anna har ført til kjensleladde diskusjonar om framtida til grendeskulane. Som følgje av uroa rundt spørsmålet om kva tenestetilbod kommunen har råd til å prioritere, har omgrepet verdiar blitt aktualisert. Kva er det eigentleg som er viktig å ta vare på av den kommunale verksemda? Har vi råd til å oppretthalde alt? Har vi råd til å la vere?

Oppretting av Verdikommisjonen med ordlyden i mandatet frå regjeringa trefte derfor både politikarar og mange innbyggjarar i Skodje. Eit samla kommunestyre var tidleg ute og slo fast at Skodje burde prøve å få status som verdikommune. Nemnast spesielt i denne samanhengen må Gunnar Hamnøy, lokalpolitikarar med sterkt engasjement for livsverdiar og medmenneske både lokalt og internasjonalt. Han har oppretta kontakt med Voi kommune i Kenya. Elevar ved eit par skular i Skodje har begynt å brevveksle med elevar i Voi, med siktemål å bli betre kjende med kvarandre.

Kort kan vi oppsummere bakgrunnen for at Skodje kommune tende på verdikommisjonens invitt til verdidugnad slik:

- Kjensla av at det er nokre menneske, særleg unge, vi ikkje greier å inkludere skikkeleg i fellesskapet.
- Vanskelege kommunale prioriteringar der ein må seie nei til mange gode føremål.
- Oppretting av relasjonar til Voi i Kenya.

Framvekst og organisering

I januar 1998 hadde kommunestyret arbeidsmøte om vanskelege kommunale prioriteringar. På det møtet kom ideen om at Skodje skulle ta initiativ for å få status som verdikommune. God respons frå statlege styresmakter har gjort at det er lagt ned mykje arbeid for at det skal kome noko konkret ut av verdiarbeidet i Skodje:


- Jan –98: Skodje kommunestyre tok initiativ for at Skodje skal få status som verdikommune. Ei gruppe av ein representant frå kvart av dei politiske partia blei oppretta under namnet Verdirådet, og fekk i oppgåve å seie noko om det vidare arbeidet. Verdirådet har slik samansetjing: Gunnar Hamnøy (KrF), leiar, Håkon Hildre (A) (erstatta Bjørn Nedreskodje som blei oppnemnd i arbeidsgruppa), Åsmund Lillebø (V), Ragnhild Stette (Sp) og Lidvar Giskeødegård (H). Oppvekstsjef Haldor Aasebø blei vald til sekretær for rådet.
- Etterjulsvinteren –98 blei brukt til avklaringar om vegen vidare. Det vart vedteke at kommunen skulle søkje statlege prosjektmidlar.
- Mai 1998: Gunnar Hamnøy og Bjørn Nedreskodje reiste til Oslo for å så inn tankane om Skodje som verdikommune i regjeringskorridorane.
- Hausten –98 var ei projektskildring klar. Ordførar Ole Stokke og leiar for verdirådet, Gunnar Hamnøy, reiste til Oslo og fekk leggje fram søknaden for representantar for regjeringa. Responsen var eintydig god; Skodje kommune fekk signal om at vinklinga var spenstig og kunne vente statleg oppfølging.
- Nov –98: Skodje kommune sende søknad til KUF om midlar til forprosjekt for verdikommunen Skodje, noko vi raskt fekk tilsegn om.
- Nov –98: Etablering av ei referansegruppe på i utgangspunktet 70 personar som skulle kome med innspel og reaksjonar under utarbeiding av forprosjektet.
- Jan –99: Oppretting av ei arbeidsgruppe på 5 personar til å vere sekretariat for verdirådet og utarbeide framlegg til forprosjekt.
- April–99: Forprosjektet handsama i kommunestyret.

Arbeidsgruppa: Samansetjing, mandat og arbeidsgang.

I søknaden om forprosjektmidlar var det signalisert ei samansetjing av arbeidsgruppa. Gruppa blei sett saman slik: Hilde Grytting, rektor ved Skodje barneskule, Bjørn Nedreskodje, rektor ved Skodje ungdomsskule, Magne P. Fylling, rektor ved Engeset skule (fådelst skule), Thorstein Vasset, ped konsulent og Haldor Aasebø, oppvekstsjef.

Det arbeidsgruppa har brukt som utgangspunkt for arbeidet med forprosjektet, er følgjande:

- Planarbeidet som har vore drive i verdirådet, er arbeidsgruppa sitt viktigaste utgangspunkt. Verdirådet har skissert både mål og struktur.
- Skodje kommune sin kommuneplan, der dei overordna målsetjingane for den kommunale drifta er nedfelt.
- Verdikommisjonens mandat frå regjeringa.
- Innspel frå lag og organisasjonar
- Prosjektskildringa av Skodje kommune som verdikommune dat. 28.09.98.
- Søknad om midlar til forprosjekt for verdikommunen Skodje dat. 20.11.98.
- Innspel frå referansegruppa etter verdidugnad 07.01.99.
- Innspel frå verdimøte 21.01.99 der Marit Totland, statssekretær i KUF, var innleiar, og der det var samla eit panel med representantar frå det politiske miljøet og lag og organisasjonar.
- Møte i verdirådet 08.02.99 for godkjenning av visjon og hovudmål, og skissering av vidare arbeidsgang.
- Møte i referansegruppa 15.02.99 for tilbakemelding på rammer og innhald i framlegg til forprosjekt.



Verdirådet sitt grunnlagsarbeid

Verdirådet sitt grunnlagsarbeid er arbeidsgruppa sitt viktigaste mandat for utarbeiding av framlegg til forprosjekt.

Førebelse konklusjonar har vore:

Mål:

Gjennom arbeid med verdispørsmål ønskjer vi at alle innbyggjarane i Skodje kommune skal vere med i ein verdidebatt der ein vil setje fokus på både einskildmennesket og relasjonar mellom menneske, lokalt, nasjonalt og globalt:

- Kva som er viktige verdiar for den einskilde.
- Korleis kan vi auke livskvaliteten til den einskilde.
- Kva som skal avgjere prioritering av økonomiske ressursar.
- Korleis vi i denne samanheng kan bidra til regional utvikling.
- Korleis vi kan auke/vidareutvikle engasjement for ”den tredje verda”.

Struktur:

Verdirådet strukturerer arbeidet i tre grupper (stolpar):

- Debattforum.
- Plan- og prosjektutvikling.
- Forsking.

Visjon

Arbeidsgruppa starta arbeidet sitt i jan –99. Med ovannemnde føringar i botnen blei det formulert ein overordna visjon for arbeidet i prosjektperioden:

- Setje i gong ein generell verdidebatt for å få flest mogleg til å stoppe opp til personleg refleksjon: Kva er viktige verdiar for meg? Kva er viktig for at eg skal ha det godt? At mine næraste skal ha det godt? At alle i nærmiljøet mitt skal ha det bra? Kva med andre i kommunen, regionen, landet, verda?
- Initiere bygging av sosiale nettverk som buffer mot passivitet og sosial isolasjon. Møteplassar: Samvær → kjennskap → relasjonar → vennskap → sosiale nettverk.
- Overføring av normer og verdiar skjer ved jamt samvær mellom barn og ulike vaksne. Alle vaksne, nært eller perifert frå barn/unge, er rollemodellar. Kva gjer vi med det?

Symbolikk

Kommunevåpenet til Skodje er ei bru. Skodje bru over Straumen er Nord-Europa største vegbru i naturstein, bygt tidleg i dette hundreåret og ferdig i 1922. Det er eit landemerke og eit bygg alle skodjebygdarar er stolte over. Vår aller viktigaste visjon er utvikling av relasjonar, røter og identitet. Sagt på ein annan måte: Vår viktigaste utfordring blir å initiere brubygging mellom menneske i ulike aldrar og grupper, og også byggje bruer til natur, kultur, fortid og framtid. Kva er då meir naturleg enn å bruke brua og brubygging som symbol på verdiprosjektet i Skodje kommune dei neste åra?

1900		2000
Erfaringar, tradisjonar, verdiar frå fortida	Bru til	Kva vil vi ha med oss inn i eit nytt årtusen?
Grend	Bru til	Grend
Unge	Bru til	Eldre
Vaksne	Bru til	Vaksne
Barn	Bru til	Unge
Lag	Bru til	Lag
Ytingsorgan, kommunale	Bru til	Politiske råd og utval
Heim	Bru til	Skule
Skule	Bru til	Lag og organisasjonar
Lokalsamfunn	Bru til	Lokalsamfunn regionalt, nasjonalt og internasjonalt

Dette er berre eksempel på bruer vi håper skal bli sterkare, ev. bygt opp i prosjektperioden.

Tiltaks mål

Med utgangspunkt i visjonen, symbolikken og alle nemnde innspel frå ulike aktørar, har vi formulert følgjande tiltaks mål for det vidare arbeidet:

1. Setje verdiomgrepet og brubygging mellom menneske på dagsorden for debatt og refleksjon.
2. Gjere kjent eksisterande møteplassar der brubygging mellom menneske skjer.
3. Etablere nye møteplassar der brubygging mellom menneske kan skje.
4. Gjennom informasjon, debatt, refleksjon og samvær byggje bruer til natur, kultur og tradisjonar slik at vi kan utvikle, gjenoppdage eller få stadfesta røter og identitet.
5. Rein og vakker natur må danne bru til miljøvernengasjement og estetisk tenking i utvikling av grendene og nærmiljøa våre.
6. Ved brubygging utvikle forståing, solidaritet og toleranse til andre enkeltindivid, grupper og kulturar både lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

Verkemiddel og arbeidsmåtar

Gjennom visjonen har Verdirådet i Skodje slått fast to viktige utgangspunkt for verdiarbeidet i Skodje; refleksjon og tiltak/handling. Vonleg vil tiltaka kome som eit resultat av dei verdimøta og dei fora for refleksjon det er råd å etablere i prosjektperioden, der prosjektleiar må verke som stimulator, motivator, tilretteleggjar og koordinator. Det vil likevel vere nødvendig å setje i verk tiltak tidleg i prosjektperioden som kan fungere som katalysator for det vidare arbeidet. Type tiltak, målgruppe, omfang og tidspunkt må vurderast nøye. Det er uhyre viktig at dette blir ei folkeleg mønstring der flest mogleg etterkvart får eigedomsforhold til prosjektet, ikkje eit kommunalt styrt opplegg der tiltaka blir tredd ned over hovudet på folk.

Prosjektleiar må også vere merksam på faren for at initierte tiltak kan visne fort om ikkje rette oppfølginga er der. Brubygging til politiske råd og utval for vedtak om rammevilkår vil nok vere avgjerande for levekåra til nokre av tiltaka.

Vi vil peike på ein del konkrete rammer for verdiarbeidet:

Refleksjon

- Informasjon er viktig viss innbyggjarane skal bli kjende med rammene for verdiarbeidet og sjå det individuelle, personlege utgangspunktet. Flest mogleg må få eigarforhold til verdibiliseringa og kunne seie "dette vedkjem meg". Informasjonskanalane kan femne om alt frå eiga "verdiside" på internett og kommunal avis til munnlege gjennomgangar i store og små fora.
- Diskusjon/debatt mellom ulike menneske gjev spire til refleksjon. Ein åtferspedagog hevdar med tyngde at ein + ein ikkje er lik to når to menneske set seg ned og utvekslar erfaringar. Resultatet blir mykje meir, for med eit ope sinn får ein ikkje berre overført den andre sine kunnskapar, men blir også leidd inn i rom som ein ikkje har vore inni før. Arenaer for verdidebattar kan og bør vere svært mangearta.
- Aktivitet (t.d. dugnad eller kurs) med forankring i noko som gjer at refleksjon om verdiar naturleg kjem opp.

Handling/aktivitet tilrettelagt/initiert av:

- Eldsjeler
- Prosjektleiar
- Andre kommunalt tilsette
- Økonomiske stimulerings tiltak

Korleis motverke døgnfluger?

- Bake mål og tiltak inn i kommunale planar; kommuneplan, økonomiplan, budsjett, tiltaksplanar for ulike verksemdar.
- Økonomisk stimulering

- Bygningar og/eller utstyr til rådvelde
- Kommunal medverknad i tiltaka. At prosjektleiar, lærarar, helsesyster og andre har ei naturleg ”hand” bort i nokre av dei prosjekta og tiltaka som veks fram, kan vere garanti for at dei ikkje skal visne bort.


Har vi lov til å mislykkast?

Vi legg opp til eit omfattande og ambisiøst verdiprosjekt der noko er enkle og konkrete tiltak, medan noko er komplisert og abstrakt. Vi er nødt til å tru at vi saman skal greie å flytte nokre grenser. Men skal vi greie det, kan vi ikkje berre satse på ”sikre” tiltak. Sagt på ein annan måte; at vi går i grøfta på nokre tiltak bør vere eit ”positivt” signal om at ein har prøvt å vere grensesprengjande.

I arbeidsgruppa har vi følgd ein arbeidsmetode som har vist seg effektiv for å nærme oss konkrete tiltak. Diskusjon, personleg refleksjon og refleksjon i gruppa har vore ein integrert del av metoden. Vi har teke for oss følgjande ulike grupper av menneske i Skodje:

B efolkning	Y tingsorgan kommunale	G ren-der	V aksen G ruppa	B arn	O Rganisa-sjonar/Lag	U nge	E ldre	R åd og utval
--------------------	-------------------------------	------------------	-------------------------------	--------------	-----------------------------	--------------	---------------	----------------------

Alle desse, både samla og enkeltvis, høyrer med i eit brubyggjarprosjekt i Skodje. For å nærme oss desse ulike gruppene, har vi arbeidd etter følgjande enkle linje:








I analysen har vi prøvt å setje nokre ord på kven vi er, alle desse gruppene av menneske i Skodje. Vi har prøvt å sjå på kva som er viktige møteplassar for desse menneska, og kva slags aktivitetar dei/vi har tilbod om og held på med. Ut frå denne enkle analysen har vi for det første oppdaga at mykje i Skodje kommune er svært bra, og at ein del av verdiprosjektet blir å løfte fram alt det positive som skjer som honnør til dei som driv godt og som eksempel på korleis ting kan gjerast. Men vi meiner også å ha avdekt små og store utfordringar for å bringe oss vidare for å nærme oss visjonen og tiltaksmåla. Matrisene ”Litt om oss i Skodje” og ”Utfordringar/stikkord for prioritering av tiltak i prosjektperioden 1999-2002” gjev både ein peikepinn på utfordringar og tiltak knytte opp mot visjonen og tiltaksmåla, og antydar også ein mogleg metode å arbeide etter i prosjektperioden.

Arbeidsgruppa har derfor ikkje teke mål av seg til å gi ein fullstendig, gjennomgripande analyse av skodjesamfunnet for på den måten avdekkje alt utviklingspotensiale. For det første har vi truleg verken hatt tid eller kompetanse til det. Men viktigare er at vi då ville ha foregripe ein nødvendig og naturleg prosess i prosjektperioden der innbyggjarane sjølve skal gjere analysen, sjå utfordringar, peike på tiltak og vonleg setje ein del av dei ut i livet.

LITT OM OSS I SKODJE:

	Kven er vi?	Møteplassar	Aktivitet	Utfordring
B efolkning ga alle	<ul style="list-style-type: none"> *3500 innbyggjarar *Alderssamansetjing *Innvandrarar *Pendlar kommune *Næringsstruktur *Kjønnsfordeling 	<ul style="list-style-type: none"> • Kyrkja • Idrettshallen • Biblioteket • Kom.huset • Butikken • Naturen • Bensinstasjonen • Bedehus • Grendehus • Barnehagane • Skodje omsorgssenter 	<ul style="list-style-type: none"> *Div. kulturaktivitetar *17.mai 	<ul style="list-style-type: none"> *Skape fleire møteplassar der ulike menneske møtest og utviklar kjennskap, relasjonar, vennskap og sosiale nettverk. *Forståing, respekt for at folk har ulike bakgrunn, tru og interesse (respekt, toleranse) *Gode brualliansar *Kompetanseheving (EQ) *Identitet til bygda og kommunen *Nøytrale møteplassar *Førebyggjande somatisk og psykisk arbeid *Verditenking – auke refleksjonsnivået *Integrere?
Y tingsorgan, kommunale	Oppvekstavdeling Helse- og sosialavd Teknisk sektor	<ul style="list-style-type: none"> • 1 ungdomsskule • 5 barneskular • 4 barnehagar • Prestemarka • Folkebiblioteket • Helsesenteret • Skodje omsorgssenter. 	Barnehagetilbod Grunnskuletilbod SFO Musikk- /kulturskule Folkebibliotek Helsekontroll Renovasjon Vatn og kloakk	<ul style="list-style-type: none"> *Gjere kjent kommunens tenestetilbod. *Skape debatt om forbetring *Estetisk utvikling *Vidareutvikling av ytingsorgana *Pliktar/rettar *Samsvar ansvarsopp og ressursar *Tilretteleggjar av verdiarbeid *Eigne møte med "verdi" på dagsorden *Prioritering av arb-/tenesteoppgåver
G render	Engesetdal Stette Brusdal Valle Glomset Skodje sentrum Utvikbygda Fylling	<ul style="list-style-type: none"> • Skulebygningar • Uteområde rundt skulane • Bedehus • Lysløyper og andre idr.anlegg • Natur/fjellområde • Grendehus 	Idrettslag Skulekorps Sangkor Ulike kristelege organisasjonar	<ul style="list-style-type: none"> *Etablere eit forum som kan ivareta grenda, og vere eit kontaktorgan internt og eksternt. *Leggje til rette for sosiale og kulturelle aktivitetar for heile grenda også der det ikkje er skuledrift. *Grendene som aktive møteplassar for aktivitetar som omfattar innbyggjarane i heile kommunen. *Avspenning mellom grendene *Røter til grenda utan "nasjonalisme" *Ta vare på og utvikle dugnadsånda *Ta eller få lov til å ta ansvar for kvarandre *Unngå "kos med misnøye"
V aksen G ruppa	Kjønnsfordeling Arbeidsløse Yrkesfordling Arbeid i heimkommunen Aktiv i foreiningsliv Foreldre Einslege Åleineforsørgjarar	Kyrkja Bedehuset Kafe Long Horn Jentekolonien Gamle barneskulen Idrettshallen, Klubbhuset, Foreldremøteplassar Ulike uformelle møteplassar: bensinstasjonen, butikken, båthamna, natur/friluft, gangvegen, heimane	Fritida (anten ein eller fleire av dette): Leie aktivitet for barn og unge. Drive rekreasjonsaktivitet åleine eller saman med andre. Arbeid med hus og heim. Passivitet	<ul style="list-style-type: none"> *Gjere kjent tilbod som finst og ev. etablere nye tilbod slik at alle som vil, kan finne ein aktivitet som treffer. *Aldersførebuande tiltak (t.d. foreldrerolla, tenåringsforeldre, foreldre når barna flyttar ut, pensjonisttilvære) *Skape/styre engasjement for fellesskapet *Status til dei som tek ansvar (gje anerkjening) *Forståing av andre sine aktivitetar og interesser *Initiere nye tilbod

				
B arn	0-13 år Tal Fordeling i grender	Barnehagar Skular Idrettsanlegg Bedehus/kyrkje Heimar Gangvegen SFO Badeplassen Leikeplassar i nærmiljøet	Idrett Kor Korps Kristne lag Leik i nærmiljøet Musikkskule	*Inkludere alle i ein eller fleire fritidsaktivitetar. *Opprette kommunikasjonsbruer mellom skule, lag og heim for fellesforståing av viktige rammer og reaksjon. *Kontakt med helsevesen og politi *Gje høve for kompetansegejevande refleksjon *Vaksne som rollemodellar *Positiv sosialisering *Trygge møteplassar *Stabile nettverk *Overgangar barn-ungdom-vaksen *Skape identitet
O Rganisa- sjonar/Lag	Liste opp namn på ulike lag og organisasjonar	Tilhaldsstad for aktivitet.	Kort om type aktivitet, aktivitetsnivå, tal på aktive og medlemmer osv	*Synleggjere plattformar *Årleg fellestiltak *Rekruttering av leiarar *Hjelp til betring av økonomi og andre rammevilkår *Debat topp-breidde
U nge	14-20 år? Fordeling i grendene Tal	Skular, idrettsanlegg, bedehus/kyrkje, serveringsstader, heimar, gangvegen...	Idrett, kor, korps, kristne lag, datagrupper (linkeparty?), uformelle grupper, diskotek, klassefestar, priv. festar kulturarr, passivitet, video, TV, data, spel	*Fange opp flest mogleg i ein eller fleire aktivitetar der det er fleire vaksne rollemodellar. *Forum/talerør for dei unge *Allsidigheit og kvalitet i tilboda *Skape identitet *Ansvar for eigen aktivitet med vaksne som sikringsnett
E ldre	Eldre = pensjonistar? Tal, fordeling i grender, tal hjelpetrengande Allmenne statistiske definisjonar og tal	Butikken, kafeen, gangvegen, bedehus, kyrkja, heimane, SOS, aldersbustadene,	Pensjonistlag, ulike arbeidsoppgåver for seg sjølv, for familie, for kvarandre løna arbeid, fising, turar, kulturarrangem.	*Nytte dei eldre i større grad til overføring av tradisjonar, kunnskap og verdiar. *Gje dei eldre som ønskjer det, høve til å bli ein aktiv part i samfunnslivet. *Skape opne møteplassar
R åd og utval	Kommunestyre, formannskap, sivilutval, teknisk utval, sam-arbeidsutval, sokneråd, foreldreråd, eldreråd	Ulike kommunale bygg	Vedta rammer for drift av Skodje kommune	*Arbeide for å auke statusen for den kommunale drifta, og i det forståing for vanskelege prioriteringar *Bru mellom ytingsorgan og politikarar *Politikaropplæring *Sikre rekruttering *Sikre god infolyt *Revitalisere kommunale verv *Få media interessert i positive saker

Befolkning

Befolkning	Ytingsorgan, kommunale	Grender	Vaksen Grupper	Barn	Organisasjonar/Lag	Unge	Eldre	Råd og utval
------------	------------------------	---------	----------------	------	--------------------	------	-------	--------------

Befolkninga i Skodje tel om lag 3500 innbyggjarar, med nesten likeleg fordeling mellom menn og kvinner. For 1997 viser teljinga 1750 kvinner og 1755 menn. Vedlegg 1 gjev eit spesifisert oversyn over befolkninga i Skodje

Møteplassar

I Skodje kommune er det mange møteplassar, formelle og uformelle, der menneske møtest. Det som blir interessant å etterrøkje når vi ser på alle innbyggjarane som ei gruppe, er kvar styrte eller tilfeldige møte mellom desse skjer.

Dei styrte treffa går føre seg t.d. i kyrkja og kulturaktivitetar i idrettshallen. Men viss vi tenkjer over kvar vi tilfeldig kan støyte borti medborgarar av Skodje kommune, blir møteplassane fleire. Då kan vi nemne i fleng naturen og alle friluftsområda vi har, biblioteket, butikkane, bensinstasjonane, kommunehuset, idrettsområda og gangstien/vegane.

Det korkje er, eller har vore lett å skape tenlege og almennyttige møteplassar for funksjonshemma spesielt. Med dette utgangspunktet er det heller ikkje eit mål i seg sjølv å skape slike. Møteplassane for sambygdingar med funksjonshemmingar er i utgangspunktet dei same som dei som ikkje kjenner seg funksjonshemma nyttar. Såleis finn vi møteplassar i forsamlingslokale og institusjonar elles i kommunen, på arenaer og i miljø der "folk flest" møtest, m.a. for å dyrke hobbyar og interesser som kvar einskild måtte ha, eller som finst i det miljøet ein vankar og har lyst til å oppsøkje av dei mest ulike grunnar ein kan tenkje seg. Somme tider må den oppsøkte møteplassen tilpassast for å kunne ta imot den funksjonshemma. Dette kan av og til vere ei utfordring, og utfordringa fordrar av og til også ein innsats frå "dei andre" i form av økonomi eller t.d. dugnad. Ligg møteplassen i eit offentleg bygg, vert det oftast kommunen som må syte for tilpassinga. I ei periode har t.d. rørslehemma sett si funksjonshemming "på dagsordenen". Både kyrkja og dei fleste skulane er relativt bra tilpassa denne gruppa pr. i dag, og det er vel stort sett berre kommunehuset som gjenstår som ein problematisk møteplass for desse. Tilpassingane er gjorde mykje fordi det er sett bygningsmessige krav til slik tilpassing - og vi ("kommunen") meiner at det er slik det skal vere. Butikkar og kontorbygg er møteplassar for mange. Dei har også desse krava - og krava vert etterkomne sjølv om dei medfører ekstrakostnader. Til og med innanfor "snevre" interessefelt har innbyggjarar i Skodje – Skodje Jeger og Fiskeforening - teke initiativ for å skaffe funksjonshemma ein møteplass for dei som ynskjer å fiske på fritida si: Fiskeplassen for rullestolbrukarar i Dragsundet! Andre funksjonshemmingar fordrar andre løysingar. Det frie foreiningslivet og det offentlege greier som oftast likevel å finne løysingane som trengst.

Aktivitet

Det vert arrangert ein del årlege arrangement av lag og organisasjonar, Skodje Blandakor, Skodje ungdomskorps, Skulekorps og Fjord Cadanza, som vendar seg til heile befolkninga i Skodje. Det vi samstundes har sett kan samle flest folk frå ulike grender og ulike aldrar har vore ulike kulturarrangement som td. ungdommens kulturmonstring, gudsteneste, Skodjedagane (messe arrangert av Skodje skulekorps), fotballkampar og andre idrettsarrangement. Like eins har den årlege tilstellinga Grand Prix på ungdomsskulen ein stor tilhøyrar skare.

For funksjonshemma er det pr. i dag tilbod om Fritidsklubb med differensierte aktivitetar, Musikk for einskilde og for gruppe (som i musikkskulen elles), Friluftsliv for fleire grupper, og tilfeldige arrangement og kurs over kortare eller lengre tid. Skodje idrettslag har siste åra fått ei viss utgiftsdekking for å drive med fotball for nokre. Ingen andre frie organisasjonar får betalt for, eller driv med aktivitetar som er innretta spesielt mot funksjonshemma som målgruppe. Like fullt deltar sambygdingar med skjulte eller synlege funksjonshemmingar i aktivitetar i regi av så vel

misjonsforeningane og kyrkja som det øvrige organisasjonslivet, eller det offentlege, på sine vilkår. Og slik bør det vel vere?

Utfordring

Ei avgjerande utfordring er naturlegvis å få flest mogleg til å stoppe opp til personleg refleksjon om verdiomgrepet i vid tyding. Større verdimøte med invitasjon til kommunens innbyggjarar bør haldast med jamne mellomrom, men like viktig blir det å initiere diskusjonar i mindre grupper, både på formelle og tilfeldige møteplassar.

Skal vi greie å nærme oss visjonen, blir det ei stor utfordring å skape fleire møteplassar der ulike menneske møtest og utviklar kjennskap, relasjonar, vennskap og sosiale nettverk. I desse møta må det utviklast eit klima med stor grad av romslegheit; forståing og respekt for at folk har ulik bakgrunn, tru og interesser. Det er signal i tida på at den emosjonelle kompetansen er i ferd med å bli svekkja. Det må vi lage motkrefter mot. Utan evne til å leve seg inn i korleis andre menneske har det, taper vi ein viktig dimensjon ved det å vere menneske.

Med nærleik til by og stor tilflytting er det lett å misse av syne det særleine ved skodjebygda. Sjølv om vi må akseptere å vere i utvikling, blir det viktig å ta vare på og vere stolt over heimbygda si, anten det no gjeld språk, natur eller kultur, og utvikle røter og identitet. Fjord Cadenza har i denne samanheng gjort ein bra jobb dei siste åra.

I ei tid med eit stadig meir komplekst og komplisert samfunn ser vi aukande grad av framandgjering og mentale lidingar. Førebyggjande somatisk og psykisk arbeid må derfor vektleggjast.

Næringslivet i Skodje har ei rolle i verdiarbeidet. For stabilitet i eit lite lokalsamfunn er det m.a. viktig å kunne rekruttere arbeidstakarar i kommunen. For å få det til må næringslivet informere og profilere seg positivt, og samspel med skulane bør vere eit verkemiddel for å nå dei unge. Elles vil det vere vanskeleg å tenkje seg miljøarbeid og estetisk utvikling av nærmiljøa våre utan medverknad frå næringsinteressene representert ved t.d. landbruk, skogbruk og industri. Svært mange set pris på dei høva naturen i kommunen vår gjev for rekreasjon og fysisk aktivitet. For bruk av utmarka til desse føremåla er konstruktivt samspel med landbruks- og skogbruksinteressene heilt nødvendig. Vi tenkjer då på konkrete område som rydding av trasear, oppkøyring av skuterløyper vinterstid og div. byggjeprojekt. Siste resultat av positivt samspel mellom friluft- og næringsinteressene er brua over elva som renn mellom Svarteløk-vatnet og Mevatnet. Store turområde blir knytte saman ved denne brua. Eit av dei store sakna vi har i Skodje, og som må setjast på den langsiktige politiske dagsorden er eit felles kultursenter i bygda.

Kommunale ytingsorgan

Befolkning	Ytingsorgan kommunale	Grenader	Vaksen Grupper	Barn	ORganisasjonar/Lag	Unge	Eldre	Råd og utval
------------	-----------------------	----------	----------------	------	--------------------	------	-------	--------------



Dei kommunale Ytingsorgana er etablert for å ta seg av det offentlege tenestetilbodet; skular, barnehagar, eldretenester osv.

I 1995 vedtok kommunestyret ny administrativ organisering, dette kjem meir tydeleg fram i vedlegg 2.

Møteplassar:

Kommunen har ulike bygg og anlegg for å kunne yte eit godt tenestetilbod. Vi kan fort nemne alle skulebygga, idrettshallen, barnehagane, alle bygningane rundt verksemda ved Prestemarka, helsesenteret og alders- og Skodje omsorgssenter.

Aktivitet:

Kommunen er ei mangesidig bedrift. Organisasjonsplanen viser den grove inndelinga av kva område kommunen yter tenester.

Utfordring:

Skal vi få til ein verdidebatt i kommunen, må nokon motivere og leggje til rette. Vonleg vil vi få tilsett ein prosjektleiar i 3 år med dei kvalitetane som må til for at dette blir presentert og initiert på rette måten. Men andre i det kommunale systemet må også medverke til å gjere prosjektet til eit felles løft. Skal vi greie det, må verdiomgrepet setjast på dagsorden i administrative møte. Alle, frå toppeleiarteamet til personala rundt på dei ulike verksemdene, bør stoppe opp til refleksjon. Diskusjonane må gå både på tilrettelegging av verdiarbeidet, men også på om dette har betydning for den enkelte i den jobben han/ho er sett til å utføre.

Grender

efolkning	Ytingsorgan, kommunale	Grender	Vaksen Grupper	Barn	ORganisasjon ar/Lag	Unge	Eldre	Råd og utval
-----------	------------------------	---------	----------------	------	---------------------	------	-------	--------------

Grendene i Skodje kommune er desse: Engesetdal, Stette, Brusdal, Svorta, Glomset, Skodje sentrum, Utvikbygda og Fylling. Fylling og Utvikbygda høyrer med til Skodje skulekrins, medan Glomset høyrer til Svorta skulekrins.

Meir enn halvparten av kommunen sine innbyggjarar (knappt 2000) bur i Skodjebygda, dvs Skodje skulekrins. Svorta skulekrins har om lag like mange innbyggjarar (knappt 800) som Brusdal, Stette og Engeset til saman. Desse tre sistnemnde småkrinsane har kvar mellom 250 og 300 innbyggjarar. Ei meir detaljert utgreiing over tilvekst/fråflytting, møteplassar og aktivitetar vert gitt i vedlegg 3.

Utfordring

Sjølv om Skodje er ein liten kommune reint geografisk, gjer topografien med fjell, skog, fjordar og vassdrag at dei ulike grendene har ei klar, naturleg avgrensing. Kommunens sentrale lægje midt på Sunnmøre med europavegen som skjer gjennom på langs, hjelper ikkje akkurat på fellesskapskjensla. På Valle har dei frå gammalt hatt sterke band til Sjøholt. Med stor tilflytting frå Ålesund er det no mange unge vallebygdarar som kjenner sterke band dit. For brusdalingane er det faktisk meir komfortabelt å dra til Moa for å handle og nytte fritidstilbod enn å ta turen til Skodje sentrum. Det same kan ein seie om utvikbygdarane, som også har kortare veg til Moa enn til Skodje sentrum. Utvikbygda har utan tvil den dårlegaste infrastrukturen; dei slit med ein gruslagt fylkesveg som både er smal og i dårleg hald. Engesetdalingane har om lag same avstanden til varesenteret på Vatneeidet som til Skodje sentrum.

Siste åra har vore prega av uro mellom sentrum og fleire av dei andre grendene. Bakgrunnen er ein kommuneøkonomi som ikkje tillet oppretthalding av det driftsnivået kommunen har lagt seg på, og spørsmålet om strukturendringar i skuleverket har vore heitt tema. Etter ein langvarig prosess fatta kommunestyret vedtak om at elevane ved Engeset skule mellombels skal overførast til Skodje barneskule frå hausten 1999.

Med dette som bakteppe vil det vere grunnlag for å seie at vi har noko sprik i Skodje kommune. Utfordringane blir både å påpeike, løfte fram og yte hjelp til å ta vare på all den positive aktiviteten som skjer i grendene. Ikkje minst blir dette viktig i grender som misser skuledrift på dagtid. I Engesetdalen hevdar innbyggjarane med tyngde at skuledrift på dagtid har svært mykje å seie for at skulebygget på kveldstid skal vere ein møteplass for sosiale og kulturelle aktivitetar. Korleis ta vare på dette når elevane blir overførte til Skodje barneskule?

Innbyggjarane i ein kommune har så mykje felles og er så avhengige av kvarandre at ei viktig utfordring blir å utvikle og betre fellesskapskjensla. Vi må leite etter område som kan redusere spenninga og føre folk i ulike delar av kommunen nærare kvarandre.

Vaksengruppa

B efolkning	Y tingsorgan, kommunale	G render	Vaksen G ruppa	B arn	O Rganisasjon ar/Lag	U nge	E ldre	R åd og utval
--------------------	--------------------------------	-----------------	-----------------------	--------------	-----------------------------	--------------	---------------	----------------------

Gruppa av vaksne reknar vi frå 20-67 år. I tal utgjer denne gruppa om lag halvparten av kommunens innbyggjartal. Det er i denne gruppa vi har den yrkesaktive delen av befolkninga. Dette kjem fram i vedlegg 4.

Aktivitet

Vaksengruppa har stort sett følgjande gjeremål i fritida (anten ein eller fleire):

- Leie aktivitet for barn og unge.
- Leie aktivitet for vaksne/eldre.
- Drive rekreasjonsaktivitet åleine eller saman med andre.
- Arbeid med hus og heim.
- Politisk arbeid
- Passivitet

Utfordring

Som yrkesaktiv fyller arbeidet mykje av livet til ein vaksen person. Men arbeidstida er likevel ikkje større i dag enn at det blir svært mykje tid til overs. Korleis vaksengruppa nyttar fritida si, varierer med alder, arbeidspress og livssituasjon elles. Det er t.d. naturleg at foreldre til barn i skulepliktig alder bruker meir tid på innsats i lag og organisasjonar enn andre i andre livsfasar. Alle menneske har eit sosialt behov. "Mann er manns gaman" står det i Håvamål. Å høyre til i eit sosialt nettverk vil vere til stor hjelp i vanskelege tider. Og ei glede blir ikkje mindre om du kan dele ho med nokon.

For ein del i vaksengruppa er det vanskeleg å kome seg inn i eit miljø der sosiale bruer kan byggjast. Det har med mange forhold å gjere, både behov og kor utadvend personen er, men også type aktivitet og kor inkluderande miljøet er. Ei stor utfordring blir derfor å gjere kjent tilbod som finst og ev. etablere nye tilbod slik at alle som vil, kan finne ein aktivitet som treffer.

Som vaksen går vi elles gjennom livsfasar som kan kome brått og uventa på oss, og som det kan vere vanskeleg å takle på rett måte. Vaksengruppa må setjast i stand til å ha ei solid mental helse og sjå på seg sjølv som den desidert viktigaste gruppa i eit samfunn. Vi vil våge den påstanden at viss vaksengruppa er i balanse og tek det ansvaret som ligg til alder og livssituasjon, vil heile samfunnet fungere godt. Fleire utfordringar i forhold dei vaksne kan vere:

- Aldersførebuande tiltak (t.d. foreldrerolla, tenåringsforeldre, foreldre når barna flyttar ut, pensjonisttilvære)
- Få endå fleire til å engasjere seg for fellesskapet. Gjennom arbeid i t.d. ein frivillige organisasjon for barn og unge vil ein både gjere eit samfunnsgagnleg arbeid, samtidig med at ein vil byggje bruer til barn, unge og andre vaksne. Ein er blitt del av nettverk.
- Status til dei som tek ansvar, dvs gje anerkjenning, er eit verkemiddel for å hindre at gode tiltak visnar bort.

Barn

B efolkning	Y tingsorgan, kommunale	G render	Vaksen G ruppa	B arn	O Rganisasjon ar/Lag	U nge	E ldre	R åd og utval
--------------------	--------------------------------	-----------------	-----------------------	--------------	-----------------------------	--------------	---------------	----------------------

← **Barn** definerer vi i denne sammenhengen som aldersgruppa 0-13 år, dvs barn t o m 7. kl på barneskulen.

Totalt viser fødselstala frå 1986-1998 626 barn, dette vert visualisert i grafer i vedlegg 5.

Møteplassar

I førskulealder er heimen, helsestasjonen, leikeareal i nærmiljøet og barnehagen viktigaste møteplassane. Når barn kjem i skulealder, blir verda etterkvart mykje større, og dei sosiale arenaene mange fleire. I tillegg til heimen og leikeplassane i nærmiljøet kan vi nemne, skulane, idrettsanlegga, bedehusa/kyrkja, gangvegen, SFO og badeplassane.

Aktivitet

Barn opplever ein gradvis overgong frå uorganiserte, leikande aktivitetar rundt hus og heim til deltaking i organiserte aktivitetar innan idrett, kor, korps, kristne lag og musikkskule.

Utfordring

Barn i 10-12 års alderen opplever ein eksplosjon i tilboda om organiserte aktivitetar. Mange barn med velmeinande foreldre kavar litt i denne ”smake på alt”-alderen. Kor lenge skal eit barn måtte halde på med ein organisert aktivitet som ikkje treffer? Er det ønskjeleg å samordne tilboda slik at den som vil skal få prøve alt? Eller vil det vere ein fordel med kollisjonar slik at ein må gjere val? Gode argument kan først for mange vinklingar. Sikkert er det i alle fall at vi vaksne må oppdage at barndommen har ein eigenverdi der det må vere rikeleg rom for prøving og feiling og der leiken og leikande aktivitetar må stå i sentrum. Konkurrans og strenge krav til prestasjonar bør ikkje førekomme.

Elles kjem vi ikkje utanom å løfte fram den delen av visjonen som omhandlar vaksne som rollemodellar. I ei tid med oppløysing av band og nettverk blir det heilt avgjerande for utviklinga til eit barn at det får møte vaksne i ulike samanhengar som er medvitne ansvarar å vere tydeleg vaksen som rollemodell. Desse vaksne bør då ha eit reflektert forhold til korleis ein skal vere tydeleg, og utvikle ei viss felles forståing av rammer og reaksjon. I framhaldet av dette, kan følgjande utfordringar nemnast:

- Inkludere alle i ein eller fleire fritidsaktivitetar.
- Opprette kommunikasjonsbruer mellom skule, lag og heim for felles forståing av viktige rammer og reaksjon.
- Kontakt med helsevesen og politi
- Gje høve for kompetansejevande refleksjon – også for foreldre.
- Vaksne som rollemodellar
- Positiv sosialisering
- Trygge møteplassar og stabile nettverk
- Overgangar barn-ungdom-vaksen
- Skape identitet

Lag/oRganisasjonar

Befolkning	Ytingsorgan, kommunale	Grender	Vaksen Gruppa	Barn	ORganisasjon ar/Lag	Ung	Eldre	Råd og utval
------------	------------------------	---------	---------------	------	---------------------	-----	-------	--------------

ORganisasjonar/lag i Skodje kommune er det mange av. Tabellen i vedlegg 6 gjev eit oversyn over ulike lag i Skodje. Vi tek atterhald om moglege feil.

Utfordring

Som vi ser er det svært mange lag i kommunen vår, noko som indikerer eit breitt, mangfaldig og rikt organisasjonsliv. Men vi veit for lite om kvarandre. Ei viktig oppgåve blir å innhente opplysningar frå alle desse laga og foreiningane og utfordre dei på td. følgjande:

- Kva er plattforma/idegrunnlaget for laget si verksemd?
- Kor mange aktive og/eller medlemmer er det?
- Kva for aktivitet organiserer de (type, omfang med meir)?
- I kva lokale/på kva plassar møtest de?
- Kva ser de som største utfordringane for vidare drift og utvikling?

Desse opplysningane kan ein samanfatte og gje ut i ei kommuneavis, både for å informere om tilbod og gje anerkjenning til alle dei som gjer frivillig samfunnsgagnleg arbeid. I tillegg vil vi truleg få eit innsyn i breidda, mangfaldet og utfordringane på ein slik måte at det vil vere råd å sjå høve for samarbeid og høve for hjelp til tilrettelegging.

Felles utfordring for mange frivillige lag og organisasjonar er elles leiarrekruttering. Plattform (kvifor gjev vi dette tilbodet?) og god organisering med fordeling av arbeidsoppgåver bør drøftast på tvers av laga. Kan eit felles kulturråd med representantar frå alle lag og organisasjonar vere eigna forum for slik drøfting?

Det er og mange av laga som slit med dårleg økonomi, og ser det som den største utfordringa.

Unge

Befolkning	Ytingsorgan, kommunale	Grender	Vaksen Grupper	Barn	Organisasjon ar/Lag	Unge	Eldre	Råd og utval
------------	------------------------	---------	----------------	------	---------------------	------	-------	--------------

Unge definerer vi i arbeidet med verdiprosjektet som aldersgruppa 14-20 år, dvs seks alderstrinn frå og med ungdomsskulealder og oppover. Oppgåve etter barnetal etter fødselsår pr. 01.01.94 viser 373 ungdommar i Skodje fødte i 1980-85. Dette vert visualisert i vedlegg 7.

Møteplassar

Dei viktigaste møteplassane for organiserte aktivitetar i ungdomsgruppa er skulane, idrettsanlegga, bedehuset/kyrkja og gamle barneskulen på Skodje. Arenaer for meir tilfeldige møte kan vere heimane, gangvegen, naturen og serveringsstader.

Aktivitet

Mange unge bruker svært mykje tid på skulearbeidet sitt, og tek også del i daglege gjeremål i heimen.

I alle fall dei yngste i denne aldersgruppa er svært aktive i den organiserte lagsverksemda. Idrett og korps organiserer flest, men kor og ulike kristne lag og foreiningar gjev også gode tilbod til dei unge.

Elles er det tydeleg at alder og skulepress gjer at vi ser eit fråfall frå vaksenorganiserte aktivitetar til meir sjølvstyrte gjeremål. Nemnast i denne samanhengen må interesse for data (datagrupper, linkeparty), klassefestar, diskotek, heimebesøk og ulike kulturarrangement. I denne aldersgruppa begynner også utferdstrongen å melde seg, og mange skodjeungdommar trekkjer til Moa og Ålesund på fritida si.

Sjølv om ein ikkje har statistisk materiale som bygg opp under påstanden er det nok dessverre likevel grunn til å tru at mange unge opplever sosial isolasjon, og med det blir gåande passive rundt hus og heim.

Utfordringar

Særleg dei eldste i den aldersgruppa vi no snakkar om, dei som er ferdig med ungdomsskulen og startar vidaregåande opplæring, fell noko utanfor når det gjeld møteplassar som imøtekjem deira behov. Det må vere ei stor utfordring å skape arenaer for sjølvstyrte aktivitetar der dei unge sjølv legg premissane. Dei vaksne må danne det rette tryggleiksnettet. Korleis dei vaksne skal gå inn og initiere tiltak i denne gruppa, er det ikkje gode fasitar på, men ved rette dialogen mellom unge og vaksne bør ein kunne lage nokre utgangspunkt.

Det vil då vere nødvendig å lage fora der dei unge kan få reflektere rundt sin eigen livssituasjon, og peike på tiltak som kan gje utvikling. Ungdom må elles bli hjelpete til å utvikle røter og identitet, og i ei svært samansett gruppe blir mangfald i tilboda eit mål.

Eldre

B efolkning	Y tingsorgan, kommunale	G render	Vaksen G ruppa	B arn	O Rganisasjon ar/Lag	U nge	E ldre	R åd og utval
--------------------	--------------------------------	-----------------	--------------------------	--------------	--------------------------------	--------------	---------------	-------------------------

Eldre definerer vi som dei som har nådd ordinær pensjonsalder, dvs 67 år, og eldre. Fylkesstatistikken viser at det i Skodje i 1997 var 405 personar over 67 år. Av desse var 281 i alderen 67-79 år og 124 over 80 år. Den grafiske framstillinga i vedlegg 8 syner folketalsskriving i perioden 1997-2020. Samme vedlegg gjev og eit oversyn over bruk av det kommunale tenestetilbodet syner også at vi har ei svært oppegående og vital eldregruppe i Skodje. Berre 13 % mellom 67 og 79 år og knapt 50 % av dei eldre over 80 år gjer seg bruk av eit kommunalt tenestetilbod.

Møteplassar

Ser vi heile gruppa under eitt, er nok heimane, aldersbustadene og Skodje omsorgssenter viktigaste møteplassane. Andre stader eldre møtest og også møter yngre, er butikkane, kafeen, gangvegen, bedehusa/kyrkja og naturen.

Aktivitet

I Skodje er det eit driftig pensjonistlag som held jamlege møte og organiserer ulike aktivitetar . Ein del pensjonistar er svært oppegående og utfører store og små arbeidsoppgåver for seg sjølv, for familien og andre. Mange tek seg også løna strøjobbar. Det er også mange eksempel på dei som får dyrke på heiltid hobbyar som fiske, reising, handverk osv.

Utfordring

Helsetilstanden til mange eldre avgrensar naturleg aktiviteten og kan føre til sosial isolasjon. Nokre har også levd livet med yrket sitt som sentralt fundament og kavar med å fylle dagane med meningsfylte aktivitetar. Korleis kan vi gå inn og initiere tiltak slik at alle eldre som vil, kan bli ein aktiv part i samfunnslivet?

Dei eldre innehar lang livserfaring og stor kompetanse på ulike felt. Som lokalsamfunn må vi bli flinkare til å nytte dei eldre til overføring av tradisjonar, kunnskap og verdiar. Kanskje er det også trong om fleire ”opne” møteplassar der ulike aldersgrupper naturleg kan møtest.

Råd og utval

Befolkn ing	Ytingsorgan kommunale	Grender	Vaksen Gruppa	Barn	Organisasjo nar/Lag	Unge	Eldre	Råd og utval
----------------	--------------------------	---------	------------------	------	------------------------	------	-------	-----------------

Råd og utval som utgjer den politiske styringsstrukturen i Skodje kommune, har vore under revisjon og endring dei siste kommunestyreperiodane. På slutten av 1980-talet hadde vi t.d. 4 hovudutval som sorterte under formannskapet; hovudutval for undervisning, hovudutval for kultur, hovudutval for helse- og sossialsaker og hovudutval for tekniske saker.

I september 1994 gjorde kommunestyret vedtak om ny politisk styringsstruktur som vert vist i vedlegg 9.

Møteplassar:

Politikarane legg møta til ulike kommunale bygg. Både kommunestyret og andre utval har variert møtelokalitetar. Elles stiller politikarar opp i ulike samanhengar der det er naturleg for innspel frå publikum.

Aktivitet:

Politikarane er sett til å vedta rammene for den kommunale verksemda. Kommuneplan, økonomiplan og budsjett er kanskje dei viktigaste styringsreiskapane politikarane har.

Kommunestyret er det overordna organet som ut frå lovverk, statlege pålegg og føringar og lokale prioriteringar skal vedta dei overordna rammene for den kommunale verksemda. Kommunestyret har siste tiåret arbeidd med å delegere til underutval mindre saker, og har derfor færre møte enn t.d. på 80-talet. No har kommunestyret 3-4 møte pr. halvår.

Alle saker som skal til vedtak i kommunestyret, har fått ei tilråding i formannskapet.

Formannskapet er det rådet som har høgst møtefrekvens, med i snitt 2 møte pr. måned. Viktigaste knutepunktet mellom administrasjon og det politiske miljøet er formannskapet.

Saman med to frå dei tilsette i kommunen utgjer formannskapet også administrasjonsutvalet.

Under formannskapet sorterer, som det går fram av den politiske styringsstrukturen, 3 utval; det faste planutvalet, sivilutvalet og teknisk utval. Dei to sistnemnde held møte om lag ein gong pr. måned. Sivilutvalet har ansvar for svært mykje av den kommunale verksemda, med 80-90 % av budsjettet og over 90 % av dei tilsette.


Utfordring:


Heile verdiprojektet kom jo i gang ved at politikarane på eit vis stanga hovudet i veggen etter følgjande erkjenning: ”Dei gode føremåla står i kø. Vår oppgåve blir å prioritere og med det faktisk seie nei til ei rekkje gode føremål”. Det er både vanskeleg og ei stor personleg belastning. Rekruttering av politikarar kan bli eit problem. Utfordringa blir då å auke forståinga for vanskelege kommunale prioriteringar ute mellom den jamne skodjeborgar. God informasjon blir eit viktig verkemiddel.


Skal ein oppnå forståing for kommunale prioriteringar, er det også nødvendig å gå opp nokre klare grensegangar mellom politikk og administrasjon/fag, og utvikle tillit mellom desse. For ei ryddig styring er det svært uheldig å trakke opp i bedda til kvarandre. Vanlege folk blir då usikre på kven som har kva slags mynde.

Elles får politikarane ei sentral rolle i å sjå på korleis initierte gode tiltak kan følgjast opp politisk i råd og utval.

UTFORDRINGAR OG TILTAK I PROSJEKTPERIODEN 1999-2002

	B efolkning	Y tingsorga n, kommunale	G render	Vaksen Gru ppa	B arn	O Rganisasj onar/Lag	U nge	E ldre	R åd og utval
<i>Verdiomgreet til debatt</i>	<ul style="list-style-type: none"> *Verdimøte: auke refleksjonsnivået, emosjonell kompetanse (EQ) *Tema i 17.mai-talar 	<ul style="list-style-type: none"> *Ta opp til drøfting i ulike fora. *Motivator for verdimøte i ulike grupper *Plikter/rettar *Utvikling av ytingsorgana *Samsvar ansvarsoppgåver og ress 	<ul style="list-style-type: none"> *Eigne debattkveldar *Etablere eit kontaktforum 	<ul style="list-style-type: none"> *Opne møte *Infoskriv *Aldersførebyggjande tiltak (vaksenskule) *Forståing for andre sine aktivitetar og interesser 	<ul style="list-style-type: none"> *Haldningsskapande arbeid prioritert i verksemdsplanen. Skape refleksjon *Lions Quest *Prosjekt folkeskikk *Temamøte for vaksne: Stabile nettverk, overgongar. 	<ul style="list-style-type: none"> *Utfordring til alle lag: Kva er verdigrunnlaget? *Drøfte topp/breidde 	<ul style="list-style-type: none"> *Nå dei unge med debattar på skular, i laga, i heimane *Kvalitet i tilboda *Rett leing av ungdom 	<ul style="list-style-type: none"> *Opne møte *Infoskriv *Signal/ønske frå dei eldre *Pensjonistlaget 	<ul style="list-style-type: none"> *Halde verdidebattar i ulike kom. utval. Verdi-prosjektet vil vonleg vise att i kom. planlegging og vedtak. *Rullering av kommuneplanen 2. året i ein k.periode
<i>Arenaer for brubygging</i>	<ul style="list-style-type: none"> *Opne møte *Infoskriv *Nytte nøytrale møteplassar (17.mai, jonsok) *Sykkelsti *Kulturhus/idr.hall 	<ul style="list-style-type: none"> *Koordinator for informasjonsarbeidet. *Utvikling av "Brubyggjaren" til å bli ei månadsavis for Skodje kommune *Bord og benker ved komm bygg *Tilsetje kulturkosulent 	<ul style="list-style-type: none"> *Grenda som aktive møteplassar for aktivitetar som omfattar innbyggjarane i heile kommunen *Grenda som arr av kommunale kulturkveldar *Debattkveld om grendautvikling *Handverkskurs *Lokalhistorie 	<ul style="list-style-type: none"> *Opne møte *Infoskriv *Forske i etterspurde behov *Skape/styre engasjement *Foreldreforum *Tilbod i trad «smale» interessefelt t.d. lyrikkveld *Kulturskule *Anerkjenning til uformelle grupper 	<ul style="list-style-type: none"> *Info til barn gjennom foreldra og skulane. *Positiv sosialisering (skule, b.hage) *Trygge møteplassar *Vaksne som rollemodellar td aldersblanda musikal i regi av kulturskulen *Ruste opp leikplassane (skule, lag, heimane) 	<ul style="list-style-type: none"> *Samspel med oppvekstkontor, skular og grendelag *Kulturdag i Skodje: Musikk, idrett, drama, turar (arena for pres) *Komm tilrettelegging (økonomi, andre rammevilkår) *Kulturråd *Fjord Cadenza 	<ul style="list-style-type: none"> *Eiga ungdomsavis *Ungdomsstyrt ungdomshus med "sikringsnett" *Ungdommens kommunestyre 	<ul style="list-style-type: none"> *Debattkveld om grendautvikling *Handverkskurs *Lokalhistorie *Parkanlegg (med hjelp av eldre?) 	<ul style="list-style-type: none"> *Info om opne møte *Godt tilrettelagde høyringar *Politiske møte i alle grender *Skape arena for fellesmøte adm og politikarar. *Initiere arenar for brubygging ved øk. stimuleringstiltak.
<i>Oppdage,</i>	<ul style="list-style-type: none"> *Bygdevandring *Kurs 	<ul style="list-style-type: none"> *Kulturskule *Kartleggingsar- 	<ul style="list-style-type: none"> *Grendevandring *Forskningsoppgåve 	<ul style="list-style-type: none"> *Bygdevandring *Kurs 	<ul style="list-style-type: none"> *Opplagg med politi og helsvesen 	<ul style="list-style-type: none"> *Rekruttering/utvikling av leiarar 	<ul style="list-style-type: none"> *Skape identitet "Eg i tida"-skule 	<ul style="list-style-type: none"> *Kartleggje og nytte ressursar i 	<ul style="list-style-type: none"> *Brei demokrati-debatt for å revita-

	B efolkning	Y tingsorga n, kommunale	G reder	Vaksen G ru ppa	B arn	O Rganisasj onar/Lag	U nge	E ldre	R åd og utval
<i>gjen-oppdage eller få stadfest røter og identitet</i>		beid natur, kultur- minne, personar *Årleg rundtur for nytilsette i komm. *Infobrosjyre	i u-skulen om grendene		*Bli kjend med bygda/kommunen i regi av skulen *Eldre som ress.pers	*Leiarskap som kulturberar *Lagshistorie	*Korte kurs med breidde i innhaldet i regi av kultur- skulen *Prosjekt ”Skodje mot år 2000” (8.kl 98/99)	skule og barnehage og kurs for andre grupper. *Omsorgsoppgåver	lisere det politiske miljøet.
<i>Estetisk utvikling av nærmiljøa. Miljøvern</i>	*Nei til forsøpling	*Ny skodjebru **”Byggeskikkpris” *Systematisk bruk av Prestemarka P *Ruste opp komm bygg og anlegg	*Debattkveld	*Dugnadsgjengar *Konkurransar	*Ryddedagar på skulen *Estetisk dimensjon i det daglege *Utmykking *Symbolbruk		*Utmykking	*Liste over personar for løna/uløna arbeid *Dugnadsgjengar	*Positivt fokus på det som går bra *Styre ressursar i miljø-/estetikk- arbeidet
<i>Forståing, solidaritet og toleranse til andre</i>	*Voi-gruppe *Kulturkveld *Reisebrev *Kulturutveksling *Familieutveksling	*Skape debatt om forbetring *Vennskapskom- munar *Kommunal repr i Voi-gruppa	*Ta eller få lov til å ta ansvar for kvar- andre *Kontakt bedehus - 3.verda	*Internasjonalt forum	*Skape identitet *Årleg tema i skule og barnehage **”Eg i Skodje, eg i verda” *Vidareføre og vidareutvikle kontakten med Voi	*Utveksling Skodje - Voi	*Skape identitet ”Eg i verda, eg i Skodje” *Tilgang på areal for uformelle grupper	*Tiltak for å skape bruer til unge	*Verdidebatt som grunnlag for prioritering
<i>Anna</i>	*Natteravn *Tilgang til natur *God infrastruktur			*Natteravn				*Transporttilbod	



Tiltaks mål 1 i prosjektperioden 1999-2002:

Setje verdiomgrepet og brubygging mellom menneske på dagsorden for debatt og refleksjon.

Verdirådet har som uttalt ambisjon at alle innbyggjarane i Skodje kommune skal vere med i ein verdidebatt der ein vil setje fokus på både einskildmennesket og relasjonar mellom menneske, lokalt, nasjonalt og globalt.

Befolkninga som eit heile kan t.d. få tilbod om halvårlege verdimøte der ein fokuserer på ulike tema og har spennstige innleiarar med ev. autoritative panel i tillegg. Elles blir det viktig å kome med informasjon og utfordrande innlegg når det er råd å nå eit større tal av Skodje sine innbyggjarar. Gjennomtenkte val av 17. Mai talarar er eitt verkemiddel. Kommuneavisa "Brbyggjaren", lokalavisene og Internett kan vere andre kanalar for slik informasjon.

Ytingsorgana i kommunen vil ha ei viktig oppgåve i tilrettelegginga av den kommunale verdidugnaden. Ein prosjektleiar må ha evne til å initiere, motivere, koordinere og følgje opp debattar og tiltak.

Det vil likevel også vere ønskeleg med verdidebattar i kommunens ytingsorgan, alt frå toppleiarteamet til personalmøte i dei ulike verksemdene. Positiv utvikling av tenestetilbodet vil vere det overordna utgangspunktet, der vi må sjå både på rettar og plikter vi har som tilsette i ein kommune, og også vurdere samsvaret mellom krav og ansvarsoppgåver i jobben opp mot ressursar og rammevilkår.

Grendene må halde eigne debattkveldar der det blir teke opp forhold som vedkjem grenda. I mange grender er det pr. i dag ikkje på plass eit kontaktorgan for heile grenda for koordinering av slike fellestiltak. Kan det vere råd å initiere oppretting av eit slikt organ?

Gruppa av vaksne vil vi finne att i mange av dei andre gruppene vi har sett opp. Eitt behov som fleire og fleire i denne gruppa set namn på, er aldersførebuande tiltak. I det legg vi at vaksne kan kome saman og informere kvarandre og reflektere rundt utfordrande og krevjande livsfasar. Det kan vere å takle foreldrerolla; vere småbarnsforeldre, vere foreldre til elevar i skulen og vere tenåringsforeldre. Og kva når "barna" er blitt vaksne og flyttar ut, korleis er vi førebudde på å takle tomrommet som oppstår då?

For mange er elles det å bli pensjonist ei dramatisk livsendring som bør førebuast.

Som vi har nemnt før er ei vaksengruppe i balanse sjølve fundamentet for at eit lite samfunn skal vere i balanse. Derfor blir alt møte mellom ulike personar i vaksengruppa viktig for å kunne utvikle kjennskap og vennskap. Med kjennskap blir vi nemleg tryggare på kvarandre og vil få større forståing for at andre ikkje nødvendigvis har akkurat dei same interessene og livsfilosofi som ein sjølv.

Barna må vi heller ikkje gløyme i ein verdidebatt. I formålsparagrafen for grunnskulen heiter det mellom anna at føremålet med grunnskulen er å gje elevane ei kristen og moralsk oppseding slik dei kan bli gagns menneske i heim og samfunn. I mange fag og opplegg blir elevane i skulen dregne med i verdidiskusjonar. Kristendomskunnskap med religions- og livssynsorientering, norsk og samfunnsfag er dei mest naturlege faga å trekkje fram. Vidare har vi eit opplegg vi kallar

Lions Quest, som den internasjonale lionsrørsla står bak. Opplegget er eit rusførebyggjande tiltak, men er eigentleg grundig i å gje hjelp til å forstå seg sjølv, venene sine og familien sin. Tittelen på arbeidsboka, "Det er mitt val", indikerer at målet er å hjelpe barna til eit refleksjonsnivå, ei forståing og ein tryggleik til å gjere gjennomtenkte val i eit komplisert samfunn. Kanskje kan lionsopplegget vere utgangspunkt for føremålstenlege møte også i foreldregruppa.

ORganisasjonar, lag og foreiningar har nok å gripe fatt i. Dei må utfordrast på kva som er verdigrunnlaget. Kva ønskjer ein å oppnå med den verksemda ein driv? Ved å setje ord på ein filosofi/visjon, vil det truleg bli lettare å oppnå godvilje utåt, og det bør vise att i betra rammevilkår, både m.o.t. økonomi og personalressursar. Ved ein klar visjon vil det vere lettare å gå dei rette grensegangane mellom topp og breidde. Ved å etablere gode møteplassar som mellom anna eit felles kultursenter kan slike grenser lettast gåast.

Unge må også få kome på banen og seie noko om korleis dei ser sin situasjon i Skodje i dag, og om dei har framlegg til tiltak. Som for barnegruppa vil skulen ta opp verdidiskusjonar i ulike fag og opplegg. I heimane er dialogen mellom foreldre og dei unge gjenstand for mange verdidiskusjonar. Om han kan kjennast tøff og vanskeleg i mange høve, er denne dialogen heilt nødvendig for det unge mennesket i lausrivingsprosessen fram mot eit sjølvstendig liv. I eit hormonstyrt lausrivingsbehov kviler det største ansvaret på den vaksne at begge partar skal kome heilskinna ut av denne perioden.

Eldre vil truleg bli nådd gjennom ein del tiltak for befolkninga som eit heile. Men noko er spesielt for eldre, og det er viktig at dei sjølve får setje ord på sin eigen situasjon som enkeltindivid og gruppe. Vi yngre ser på dei eldre som ein ressurs, både ut frå erfaringar, kunnskap, kompetanse og tid. Men vi skal vere svært vare på å gå ut slik at det kan opplevast som ei utnytting.

Råd og utval skal jo styre Skodje kommune. Verdidebattar er ikkje råd å kome utanom viss ein vil leggje til rette for rett satsing og rett vekting av det kommunale tenestetilbodet. Vi må også ha det målet at satsinga på Skodje som verdikommune må vise att i kommunal planlegging og vedtak.

Rullering av kommuneplanen set verdiar og prioriteringar på dagsorden. Då skal visjon, mål og tiltak for heile den kommunale verksemda under lupa. Kanskje vil det vere føremålstenleg å leggje rulleringa til det andre året i ein kommunestyreperiode. Då er dei nye politikarane blitt kjende med den kommunale forvaltninga, og kan bruke rulleringa av kommuneplanen både som eigen skulering og til å gå inn og forandre, justere og fornye.

Tiltaks mål 2 og 3 i prosjektperioden 1999-2002:

Gjere kjent eksisterande møteplassar og etablere nye møteplassar der brubygging mellom menneske kan skje.

Befolkninga kan få informasjon om møteplassar og aktivitet gjennom ”Brubyggjaren” og ulike møte. Skal ein få samla folk på tvers av aldrar, kjønn og interessegrupper må ein nytte nøytrale møteplassar t.d. fellesarrangement som 17. Mai-feiring og jonsokfeiring. Elles ville ei utbygging av sykkelsti i heile kommunen vere både møteplass og med på å samle kommunen til eitt rike.

Ytingsorgana i kommunen vil gjennom prosjektleiar vere koordinator for informasjonen i verdiprosjektet. Utvikling av eksterenbladet ”Brubyggjaren” til å bli ei kommunal månadsavis for Skodje er eit konkret tiltak. Tilsetjing av kulturkonsulent med tid og oversikt til å hjelpe lag og organisasjonar til anleggsutbygging er også ønskjeleg.

Å setje opp bord og benkar ved kommunale bygg kan vere døme på små, enkle grep for å etablere møteplassar.

Grendene kan brukast som aktive møteplassar for aktivitetar som omfattar innbyggjarar frå alle deler av kommunen. Det har delvis vore prøvt gjennom å leggje politiske møte i alle grender. Det bør halde fram. I tillegg har idretten og kulturlivet elles samlande arrangement. Men ein kan også vere kreativ når det gjeld andre aktivitetar, t.d. kurs. det er og viktig å ta vare på eksisterande møteplassar.

Gruppa av vaksne må få oppretta eit foreldreforum for drøfting av dei tema vi nemnde under verdiar til debatt. Vi trur også det er ønskjeleg i vaksengruppa å få eit breiare og meir mangfaldig kultur- og aktivitetstilbod. Kan vi t.d. innlemme vaksengruppa i tenkinga rundt kulturskulen ved å tilby ulike kurs der som akvarellmaling og tønnelaging? Kan vi vidare prøve å etablere temakvelder i det vi tradisjonelt har oppfatta som ”smale” interessefelt som t.d. lyrikkvelder?

For **B**arna må vi vurdere fortløpande om møteplassane er gode og trygge nok. Leikeplassane både i nærmiljøet, rundt skulane og i idrettsområda må gjerast både utfordrande og trygge. Er det to vanskelege utgangspunkt å få til å gå i hop? Fleire personar med ein viss autoritet, både idrettspsykologar og legar, har teke til orde for at tryggleiksforskrifta på offentlege leikeplassar kan vere til hinder for barns fysiske og motoriske utvikling.

Barns behov for arenaer for fri leik og fysisk utfolding må vi i alle fall ta på alvor og sjå om vi kan gjere meir med den fysiske tilrettelegginga. Blir det t.d. teke nok omsyn til leikemiljøet ved reguleringsplanar og utlegging av byggjefelt?

Barn har også trong om å kome saman med andre aldersgrupper for sosialisering og ha rollemodellar. Det har vi i mange høve i aktivitetar i frivillige organisasjonar og i arrangement i regi av skulen. Dette må utviklast.

Organisasjonar, lag og foreiningar har sine møteplassar. Samspel og dialog mellom ulike lag kan vere ønskjeleg for utveksling av erfaringar og diskusjon av viktige prinsipp ved korleis ein møter ulike aldersgrupper. Vi ønskjer å opprete eit kulturråd der dei som driv frivillig lags- og organisasjonsarbeid kan utveksle erfaringar mm.. Vi ser også for oss at det kan vere råd å arrangere ein årleg kulturdag i Skodje kommune, der lag og organisasjonar kan få presentere aktiviteten sin.

Våren 1999 vil Skodje idrettslag markere 70-årsjubileet sitt ved eit arrangement over ei veke der kvar særgruppe er invitert til å lage sine uttrykk. Så langt ser det ut til å bli ei svært bra markering der også innbyggjarane i grendene er/blir inviterte til å ta del.

For lag og organisasjonar vil det elles vere avgjerande å halde på og utvikle det gode samarbeidet med oppvekstkontor og skular for fysiske rammer for verksemda. Vi tenkjer då både rom, utstyr og økonomi.

Unge er truleg den gruppa som har færrest naturlege møteplassar som treffer mangfaldet i behov og ønskje. Kan det vere råd å få oppretta ei eiga ungdomsavis det dei unge kan kome med spenstige ytringar? Kva med ungdommens kommunestyre som dei har fått til m.a. i Ørskog? Elles må det vere eit mål i Skodje å få oppretta eit ungdomsstyrt ungdomshus der dei vaksne finn den rette posisjonen i kulissane som tryggleik og sikring.

Eldre vil vere naturleg å bruke som ressurspersonar ved handverkskurs og lokalhistorieprosjekt. Slike kurs vil vere viktige møteplassar for å samle grupper på tvers av aldrar til å bli kjende med kvarandre og bli opptekne av det vi må ta vare på av kultur og tradisjonar. I Skodje manglar vi parkanlegg. Vil det vere råd å tenkje pensjonistar i opparbeiding av eit slikt anlegg?

Råd og utval har mange verkemiddel for brubygging. Pr. i dag er jo alle politiske møte tilgjengeleg for folket i kommunen, noko som bør skape openhet og forståing for beslutningsprosessen. Ved godt tilrettelagde høyringar av kommunale planar vil ein kunne skape gode diskusjonar i ulike grupper og grender. Politiske møte lagt til grendene etter eit relasjonsmønster som allereie er nemnt.

Politikarane har også verkemiddel for å initiere oppretting av nye møteplassar. Økonomiske stimuleringsiltak kan vere avgjerande for utvikling av nærmiljøanlegg, kulturbygg og rett og slett oppretthalding av drift i lag og foreiningar.

I denne kommunestyreperioden er det vel ikkje urimeleg å hevde at tilliten og samarbeidet mellom politikarar og administrasjon kunne vore betre. Eit verkemiddel for å auke forståinga for rammer og grensegangar i styringa av kommunen, kan vere å opprette arenaer der politikarar og administratorar kan setje seg ned på fritt grunnlag og drøfte felles utfordringar.

Tiltaks mål 4 i prosjektperioden 1999-2002:

Gjennom informasjon, debatt, refleksjon og samvær byggje bruer til natur, kultur og tradisjonar slik vi kan utvikle, gjenoppdage eller få stadfesta røter og identitet.

Befolkninga bør bli inviterte til ulike bygdevandringar. Vi har i Skodje mange kunnskapsrike, taleføre personar som kjenner bygdelaga og bygdelaga si historie ut og inn. Frå mange hald, mellom anna frå verdirådet si referansegruppe, er det kome oppmodingar om å leggje opp til jamlege bygdevandringar for å bli kjende i nærmiljøet. Eitt faktum som underbyggjer behovet, er den store tilflyttinga til kommunen. Berre i 1997 flytta det 180 personar til Skodje, noko som utgjer 5 % av innbyggjartalet.

Kurs i gamle kunst- og handverkstradisjonar vil også byggje bruer til kultur og tradisjonar. Elles vil vi nytte høvet til å løfte fram Skodje sogelag, som gjennom sokeskriftene over fleire tiår har gjort lokalhistorie lett tilgjengeleg for folket i kommunen.

Ytingsorgana i kommunen er i varierende grad opptekne av dette tiltaks målet. Både i barne- og ungdomsskulen er lokal forankring av undervisninga eit viktig pedagogisk prinsipp. Det betyr ikkje at skuleverket i Skodje ikkje har utviklingspotensiale når det gjeld temaopplegg og prosjekt knytte til lokal kultur, røter og identitet.

Det er oppretta ein musikk- og kulturskule i Skodje. Den bør utfordrast til å tenkje utradisjonelt både med omsyn til aldersgrupper og lærekrefter. Kan ein innlemme andre aldersgrupper enn elevar i skulepliktig alder. Kan t.d. kulturskulen vere organisator for akvarellkurs også for vaksne? Det er mange friområde i Skodje, m.a. ein del bade plassar. Desse må det informerast betre om. På slutten av 1970-talet var det laga ei oversikt over verneverdige bygningar og kulturminne i Skodje kommune. Lista blei kanskje noko ukritisk omfattande, men er eit flott utgangspunkt for ei prioritering sett i samanheng med ei langsiktig kulturbygging.

Eit slikt kartleggingsarbeid burde vore gjort på fleire område som har med tradisjonar og identitet å gjere. Både utferdsplassar i naturen og ressurspersonar om kultur og tradisjonar burde bli informert om slik at fleire kunne få dele det dei kan gje. Kanskje kan skulane saman med prosjektleiar/kulturkonsulent/leiar for musikk- og kulturskulen gjere eit slikt arbeid? Skodje kommune har hatt ein viss gjennomtrekk av tilsette. Det må ein rekne med. Men det er i alle høve svært viktig at dei kommunalt tilsette er kjende i kommunen, både når det gjeld folk, natur og kultur. Eit opplæringsprogram for nyttilsette bør då innehalde rundtur i kommunen rett og slett for å gjere seg kjent.

Grendene er dei som i sum utgjer Skodje kommune. Bygdevandringar må sjølv sagt haldast i grendene, og kanskje berre i ein del av grenda i gongen. Nokre grender har siste åra gjennomført fleire bygdevandringar. Elles vil arbeidet med røter og identitet i grendene bli fanga opp av det som er skrive om dei andre gruppene.

Gruppa av vaksne er truleg dei som i størst grad vil ta del i bygdevandringar og handverkskurs. Men det må vere eit mål å gjere opplegga slik at dei fangar opp ulike grupper. Bruyging mellom ulike menneske kan berre skje ved at dei møtest og kommuniserer med kvarandre.

Barna som bur i Skodje kommune får eit kjennskap til kommunen både gjennom aktivitetar saman med foreldre, i lag og organisasjonar og i skulen. Ein del skular er merksame på verdien av å kople elevane opp til dei eldre ved ulike samvær. Skulane bør kanskje få desse dimensjonane inn i verksemdsplanen.

Anna som meir planmessig skulle vore teke opp i barnehage og barneskule er opplegg med politi og helsestell.

ORganisasjonar, lag og foreiningar er i høgste grad kulturberarar og har ei historie og ein tradisjon som strekkjer seg mange tiår bakover i tid. Leiarane må derfor få status som viktige kulturberarar. Auka status internt og eksternt kan vere eit verkemiddel for å gjere leiarrekrutteringa enklare.

Nokre lag har skrive lagshistore. Det bør alle oppmuntrast til.

Unge treng meir enn nokon gong før ei forankring. Gjennomtenkte val kan berre gjerast om ein har eit solid fotfeste. I ungdomsskulen kan det opprettast prosjekt der røter og identitet er overbygninga. Kartleggingsarbeid over natur, kultur og ressurspersonar er heilt i tråd med intensjonane i den nye læreplanen, og vil også vere eit viktig arbeid for resten av kommunen innbyggjarar. Sætreprosjektet og miljøposten som Skodje ungdomsskule gjennomførte for nokre år sidan, kan stå som glimrande døme på korleis slike prosjekt kan gjennomførast.

Kulturskulen bør også vurdere kortare kurs for å kome i møte det mangfaldet i ønskje, behov og interesse det er i ungdomsgruppa.

Dei unge må bli hjelpte til å sjå seg sjølve inn i ein historisk samanheng. Visst er det viktig å leve livet her og no, men vi må ikkje gløyme vi har ei fortid og ei framtid.

Eldre er dei viktigaste ressurspersonane når vi snakkar om tradisjonar og identitet. Vi må kartleggje kven som sit med kva for kompetanse, og ut frå vilje og tid til å stille opp, bruke dei eldre i alle samanhengar for overføring av tradisjonar.

Råd og utval i Skodje står i ein lang, demokratisk utviklingssamanheng. Det er retta kritikk mot styringsstrukturen i kommunane. Tunge beslutningsprosessar med mykje papir og mange nivå gjer forvaltninga lite rasjonell. Partilister kan også verke kunstige og lage unødige skiljelinjer. Men viktigaste grunngevinga for den kommunale styringsstrukturen er å leggje til rette for eit breitt, folkeleg engasjement. Vi må bry oss om vår eigen situasjon og ta ansvar for oss sjølve og andre, det er jo det demokrati, folkestyre, er.

Tida er moden for ein brei demokratidebatt for å revitalisere det politiske miljøet.

Tiltaks mål 5 i prosjektperioden 1999-2002:

Rein og vakker natur må danne bru til miljøvernengasjement og estetisk tenking i grendene og nærmiljøa våre.

Befolkninga må bli informert om miljøvern og estetisk tenking gjennom ulike kanalar. Kanskje kan temaet vere utgangspunkt for ein større temakveld? Både det som går bra og utfordringar må setjast ord på.

Ytingsorgana i kommunen vil kunne både vere tilretteleggarar og motivatorar i miljøarbeidet, og også gå føre med eit godt eksempel. Ein bør prioritere tiltak som er med på å redusere boskasting langs vegane. Prestemarka Produkt burde i mykje større grad kunne brukast for å gjere det triveleg ved kommunale bygg og anlegg gjennom stell og beplanting. Kommunen burde også setjast i stand til å halde oppe standarden på bygg og anlegg. For det første medverkar eit vakkert ytre miljø til god trivsel, for det andre vil manglande vedlikehald koste svært dyrt på noko sikt. Burde ein i området til Prestemarka tenke å samle noko av den gamle bygningsmassa vi har i kommunen? (kultursenter)

Brubbyggjaren vil vere eigna kanal til å påpeike både utfordringar i kommunen og kva som er bra. Vi vil elles merke at miljøengasjement og estetisk tenking best kan odlast ved å løfte fram og rose det som er bra, ikkje henge ut nokon.

Grendene må halde eigne debattkveldar for å finne sine utfordringar og sine tiltak. Opprustning av fellesareal kan gjerast på dugnad, som er glimrande arena for møte mellom ulike menneske.

Gruppa av vaksne vil ha eit ansvar i å trekkje med seg andre aldersgrupper i miljøarbeidet og estetisk utvikling av nærmiljøa.

Barna lærer miljøvern og estetikk i samvær med vaksne. Dei fremste naturvernarane har ein fellesnemnar; dei har gjennom barne- og ungdomsåra utvikla eit nært og godt forhold til naturen. Det er dei gode opplevingane som skaper holdningar, ikkje ord.

Derfor må barna få oppleve dagar i naturen utan anna føremål enn å lukte på blomane og høyre fuglesong. Dei må også få vekse opp i fysiske miljø som tek den estetiske dimensjonen på alvor. Utsmykking av t.d. skular burde vere ei sjølvfølgje. Både vaksne kunstnarar og elevane sjølv bør ta del i det. Eigenprodusert utsmykking kan elles fungere som viktige symbol for klasse- og skuletilhørslse.

ORganisasjonar, lag og foreiningar slit som regel med dårleg økonomi og eit støtteapparat akkurat nok til å få aktiviteten til å gå rundt. Likevel bør laga stimulerast til miljøvern og estetisk tenking i dei bygg og anlegga dei disponerer.

Unge sine utfordringar blir stort sett dekt av det som er skrive om barn. Men ungdomsgruppa har nådd ein slik alder at miljøvern og estetikk kan utløyse eit brennande engasjement. Det må på ein eller annan måte stimulerast.


Eldre er ofte meir opptekne av miljø enn andre grupper. Kan vi på nokon måte trekkje dei med?

Råd og utval sit på nokre viktige verkemiddel i miljøvernarbeidet og estetisk utvikling av bumiljøa våre. Vedtekter over kva som blir godkjent og ikkje i reguleringsplanar, utlegging av bustadfelt og oppføring av nybygg er konkrete verkemiddel. I fleire kommunar, m.a. Skodje, har husstandar med kompostbinge fått nedsett renovasjonsavgift. Kan vi finne fleire slike positive økonomiske stimuleringsiltak?

Ein kommunal byggeskikkpris vil også kunne gjere at fleire stoppar opp og legg meir i det estetiske ved nybygg.

Elles må politikarane i Skodje arbeide vidare med at ei ny bru over Straumen ikkje blir bygt slik at den gamle taper sin estetiske verdi.

Det er og viktig at det er eit nært og aktivt samarbeid mellom politiske organ og næringslivet om estetikk og miljøvern.



Tiltaks mål 6 i prosjektperioden 1999-2002:

Ved brubygging utvikle forståing, solidaritet og toleranse til andre enkeltindivid, grupper og kulturar både lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

Befolkninga i Skodje må ikkje bli seg sjølv nok. Vi må ha eit perspektiv utover oss sjølve og utover kommunegrensa. Har vi utvikla eit solid brukar lokalt, vil vi stå rusta til å byggje bruer til andre, og ha tru på at brukaret til den/dei andre er like solid slik at brua kan byggjast frå to sider. Med ein solid identitet og eit ope sinn, vil eitkvart møte med andre menneske gjere oss rikare. Og kanskje er det slik at til meir ulike vi er, til meir kan vi lære av kvarandre? Med eit slikt utgangspunkt blir Voi-engasjementet til Gunnar Hamnøy interessant. Kan vi i Skodje t.d. greie å opprette eit vitalt internasjonalt forum?

Vi har 38 utanlandske statsborgarar i Skodje, der omlag halvparten kjem frå Asia. Nye flyktninggrupper bør kunne få plass i Skodje. Vi bør ha gode mulegheiter til å utvide kulturutvekslinga med dei gjennom kulturkveldar.

Det har elles kome fram spenstige forslag om familieutveksling, der t.d. ein norsk og ein kenyansk familie kan «bytte» bustad over ein kortare eller lengre periode.

Gjensidige besøk og der igjennom kulturutveksling har vore nytta og kan utviklast meir.

Ytingsorgana i kommunen stiller pr. i dag med representantar i ei Voi-gruppe, der føremålet er kontakt og informasjonsflyt mellom barn og vaksne i Skodje og Voi for å lære om og av kvarandre. Det går godt an å tenkje seg at Skodje tek initiativ for oppretting av fleire vennskapskommunar både nært og fjernt. Skulane kan vere viktige aktørar her.

Grendene har gjennom årtier hatt ein internasjonal kontakt gjennom misjonen. Det kan naturlegvis stillast spørsmål ved forståinga og toleransen til andre både i intensjonen og i praktiseringa av misjonen, i alle fall i historisk perspektiv. I dag har vi likevel det inntrykket at dei kristne organisasjonane gjer eit uvurderleg vilkårslaut humanitært, sosialt og åndeleg arbeid i mange fattige land.


Gruppa av vaksne bør ha tilbod om eit internasjonalt forum. Med rette eldsjelene kan det bli ein viktig møteplass for verdidebatter.

Barna har gjennom barnehage og skule fått innsyn i andre kulturar og samfunn gjennom ulike opplæringstiltak. Vi kan nemne solidaritetsaksjonar som julegåver til Jugoslavia og no sist Murmansk-aksjonen. Slike aksjonar er innarbeidd tradisjon i barnehage og skule, og vil halde fram. Kanskje bør internasjonal forståing og solidaritet prioriterast slik det blir eit satsingsområde i verksemdsplanane på skulane. Ved metodiske opplegg vil nok barna greie å sjå seg sjølv i ein global samanheng.

To skular har også oppretta kontakt med skular i Voi. Brevvekslinga på elevnivå har vel ikkje teke heilt av, men vi må ha tru på at kontakten kan utviklast.


ORganisasjonar, lag og foreiningar vil få ei sentral rolle når det t.d. er oppretta gode kontakter med ei anna kommune internasjonalt. Det er jo ofte gjennom ulike kulturelle uttrykk det er råd å få auge på det særigne ved eit anna samfunn. Fjord Cadenza har dei siste åra gjennom sitt internasjonale nettverk nytta musikarar frå ulike nasjonar som instruktører for barn og unge og slik laga gode bruer til fleire land i Europa. Dette er interessant og bør utviklast vidare.

Handlingsplan



I arbeidet i handlingsplanperioden ser ein for ser ein vekselverknad mellom dei ulike elementa. Debattforumet set fokus på problemstillingar som fører til tiltak, tiltak skaper debatt, debatt skaper grobotn for forskingsprosjekt o.s.v.

Politisk organisering av verdiarbeidet




Verdirådet:

Den politiske styringa av prosjektet ser vi for oss med ei vidareføring av Verdirådet. Det bør ha ei samansetjing som avspeglar politisk samansetjing av kommunestyret. Det vert gjort ved at dei partia som til er representerte i kommunestyret oppnemner ein representant frå eige parti. Det må og oppnemnast vararepresentant. Kommunestyret vel leiar og nestleiar.

Referansegruppe:

Verdirådet oppnemner ei referansegruppe. Den bør bestå av sentrale personar i grendene. (Den delen av gruppa har vore brukt i samband med utarbeiding av forprosjektet) I tillegg bør sentrale personar frå det frivillige kulturlivet delta. Denne gruppa bør samlast og vere med å legge føringar i arbeidet med handlingsplanar kvart år. Referansegruppa skal ha minst eitt møte pr. år.

Administrativ organisering av verdiarbeidet



PROSJEKTLEIAR:

Prosjektleder vert plassert i stab til rådmannen. På den måten får prosjektleder ei rolle som er fristilt avdelingane og kan på den måten lettare initiere avdelingsovergripande tiltak.

Prosjektledaren må knyte til seg sentrale personar frå kommuneadministrasjonen for å få tyngde og breidde i tiltaka. Det kan vere naturleg at arbeidsgruppa som har utarbeidd forprosjektet får ei slik rolle første halvåret. Etter det må gruppa samansettast etter dei tiltaka ein tenkjer å gjennomføre.

Prosjektleder blir engasjert for tre år, dersom vi får statlege midlar til ei slik stilling. Vi lagar ikkje fullstendig framlegg til stillingsbeskrivelse no. Det må verdirådet ta fatt i og tilpasse eigenskapane prosjektleder har.

I plandokumentet har ein del tiltak blitt lyfta fram og fått ein detaljert beskrivelse på framdrift og omfang. Spesielt gjeld dette fyrste halvåret. Ein må den fyrste tida ha forståing for at prosjektleder treng tid til å sette seg inn i den lokale kulturen, samt å bli kjent med og bygge kontaktnett til dei ulike grendene og folka der. Dette kjem klart til uttrykk i nokre av dei elementa vi meiner må vere med i ein arbeidsbeskrivelse:

Prosjektledaren skal vere:

- ◆ Prosjektorientert og utarbeide detaljplanar for minst eit halvt år om gongen.
- ◆ Motor og initiativtakar i verdiarbeidet.
- ◆ Vere bindeledd mellom kommuneforvaltninga og frivillige lag/organisasjonar.
- ◆ Vera ansvarleg for framdrift, kvalitet og økonomi i heile prosjektet og i dei einskilde tiltaka.
- ◆ Ha evne og vilje til dialog med og rettleie samarbeidspartane.
- ◆ Ha kontakt med, og formidle erfaringar til andre som arbeider med verdispørsmål.

Prosjektledaren må disponere eigen bil og vere villig til å ha fleksibel arbeidstid. Ein del av arbeidstida vil vere på kveldstid.

Bakgrunn:

Må ha utdanning og erfaring som gjer han/henne i stand til å:

- ◆ Framstille problemstillingar både skriftleg og munnleg.
- ◆ Arbeide i skjeringspunktet mellom frivillig og offentleg engasjement. Må difor ha god kunnskap om, og kjennskap til kommunal sektor og frivillig lags- og organisasjonsarbeid.
- ◆ Arbeide systematisk og målretta. Gjerne erfaring frå OU-arbeid.
- ◆ Nødvendig Edb-kunnskap

ØKONOMI.

For at vi skal vere i stand til å gjennomføre dei forslag til tiltaka som er skissert i forprosjektet og følgje desse opp med vidare arbeid, må vi rekne med at det kostar pengar.

Det er nødvendig med ein person som har verdiarbeid som hovudoppgåve. Vi ser for oss at ei prosjektleiar- stilling som må vere ei engasjementstilling som går over tre år.

Dette ønskjer vi å søkje departementet om støtte til.

I tillegg må vi rekne med at dette skal prege det ”daglege arbeidet” i Skodje kommune. Dette vil krevje kommunale ressursar i form av arbeidstid og politisk bearbeiding. Utan å vite kven som vil søkje på ei prosjektleiarstilling, er det naturlegvis vanskeleg å setje opp eit detaljert budsjett, men oppstillinga under vil gi ein god peikepinn.

Budsjett:

Fast løn prosjektleiar.	300.000
Pensjon	21.000
Arbgj. avg.	45.000
Reiser m.m.	30.000
Diverse utg.	40.000
SUM PROSJEKTLEIAR	436.000
Løn samarbeidspartar*	350.000
Kontor/tlf/...	35.000
SUM	385.000

* Vi må rekne med at om lag ei stilling går inn i dette arbeidet. Det er ikkje ei einskild stilling, men summen av det engasjementet som vil måtte påreknast av rektorar, barnehagestyrarar, lærarar m.m. Delar av dei prosjekt og tiltak som plandokumentet skisserar vil bli inkorporert i dei verksemdsplanar dei ulike kommunale etater til ei kvar tid har som sine styringsdokument.

Finansiering:

Statstilskot	436.000
Kommunal ande	385.000

Årleg utgifter totalt. **821.000**

I tillegg til dei utgiftsrammer som er skissert over vil prosjektleiar måtte utabeide budsjett med finansieringsplan for dei enkeltprosjekt som til ei kvar tid vert sett i verk. Finansieringa ev desse er avhengig av type prosjekt, ein må rekne med både intern og ekstern finansiering.

HANDLINGSPLAN FOR HAUSTEN 1999

Tiltak: Opprette relasjonar til Voi i Kenya				
Stad/tid	Målgruppe	Ansvarleg for gjennomføring	Ønskelege samarbeidspartnarar	Økonomi
Våren 1999	Representantar for verdiråd, toppleining og skulane.	Gunnar Hamnøy		Statlege midlar
<p>Tiltaksskildring: Kontakt med den 3. verda har vore ein viktig dimensjon ved verdiprojektet i Skodje. Vi har allereie oppretta kontakt med ein kommune i Kenya, Voi. Elevar har begynt å brevveksle, og vi har nokre engasjerte personar lokalt som brenn for at denne kontakten kan utviklast til å bli ei utveksling både kulturelt og menneskeleg. I samband med utarbeiding av forprosjektet har Skodje kommune sendt ei "pilotgruppe" til Voi for å tilrettelegge vidare engasjement i dette kontaktarbeide. Grappa som består av seks personar har mellom anna med to elevar frå grunnskulen. Føremålet med besøket no er å forsterke og fornye dei kontaktane som allereie er mellom desse kommunane, og å utarbeide konkrete tiltak, ansvarspersonar og rutinar ved kommunikasjon og –svikt. I tillegg må det under besøket utarbeidast ein langsiktig plan for ulike typar utveksling.</p>				

Tiltak: Opprette informasjonskanalar				
Stad/tid	Målgruppe	Ansvarleg for gjennomføring	Ønskelege samarbeidspartnarar	Økonomi
Kommunehuset, hausten 1999	Alle innbyggjarane i Skodje kommune	Prosjektlear		Kopieringsutgifter for "Brubbyggjaren" Oppkopling til Internett
<p>Tiltaksskildring: Informasjon blir avgjerande for i kva grad befolkninga skal sjå verdien av verdiprojektet. Prosjektlear må vere på utkikk etter ulike måtar å orientere om prosjektet. Vi vil peike på to konkrete informasjonskanalar: Utvide kommuneavisa "Brubbyggjaren" til å bli ei månadleg verdiavis der heile kommunen blir nådd med fakta og utfordringar. Oppretting av verdiside på Internett vil vere tiltak i same retning.</p>				

Tiltak: Oppussing av ”kommunevåpenet vårt”, Skodjebrua

Stad/tid	Målgruppe	Ansvarleg for gjennomføring	Aktuelle samarbeidspartnarar	Ressursar/økonomi
Skodje bru, fredag 1. oktober	Grunnskulen i Skodje	Prosjektleder	Oppvekstkantoret Grunnskulane Teknisk etat Skodje Lions	Dagsverk: Pengar:

Tiltaksskildring:

Som start på sjølve verdiprojektet kan det vere på sin plass å pusse støv av kommunevåpenet vårt, Skodje bru. Vi ser det som svært ønskeleg å kople ulike aldersgrupper saman om prosjekt, og utfordrar skulane i Skodje saman med Skodje Lions til å stå for dette oppryddingsarbeidet. Dagen etter, 2. oktober, håper vi å kunne avvikle ei bygdevandring ved brua. Vi håper at ein eller fleire av grunnskulane i kommunen legg dette tiltaket inn i årsplanen sin. Skulane blir oppmoda om å gjere meir ut av bruprojektet, t.d. ta ein dag saman med Skodje sogelag for orientering om brua. Oppvekstkantoret vil ta del med nødvendig tilrettelegging. NB! Vi må hugse på mediadekning.

Tiltak: Bygdevandring og fiskekonkurranse ved Skodjebrua

Stad/tid	Målgruppe	Ansvarleg for gjennomføring	Aktuelle samarbeidspartnarar	Økonomi
Skodje bru, laurdag 2. oktober.	Alle innbyggjarar i Skodje kommune	Prosjektleder	Skodje Jeger- og Fiskeforening Skodje sogelag Ålesund og omegn friluftsråd	

Tiltaksskildring:

Skodje bru er eit vakkert bygg som skjuler gode byggjetradisjonar, godt handverk og representativ for stilepoken. Vi har inntrykk av at kunnskapen varierer, og det må vi søke å gjere noko med. Kva var bakgrunnen for at brua blei bygt? Kven teikna ho? Korleis blei ho bygt (byggjeteknikk)? Kven bygde ho? Kvar kom steinen frå? Vi ser det føremålstenleg å leggje fleire aktivitetar til straumsområdet. Laurdag 2. oktober vil vi prøve å kombinere bygdevandring og fiskekonkurranse.

Tiltak: Nettverksbygging

Stad/tid	Målgruppe	Ansvarleg for gjennomføring	Ønskelege samarbeidspartnarar	Økonomi
Grunnskulane, (veke 45) Barnehagane, (okt/nov) Lag og org, (okt/nov) Pensjonistlaget, (okt/nov)	Alle innbyggjarar	Prosjektleiari	Barnehagepersonell Lærarar/rektorar Verdirådet Oppvekstkontoret Leiarar for lag og organisasjonar Grenderepresentantar	

Tiltaksskildring:

Føremålet med tiltaket er å orientere dei viktigaste samarbeidspartnarane om prosjektet og etablere eit kontaktnett som prosjektleiari kan støtte seg på i prosjektperioden. Dette kontaktnettet blir av uvurderleg betydning når innspel får t.d. større verdimøte skal omsetjast i handling.

For dei mindre laga og foreiningane kan det gå ut invitasjon til eit fellesmøte.

For større lag, skular, grender og barnehagar kan ei slik orientering knytast opp mot eit prosjekt eller ein aktivitet

Hovudtema for årets grunnskuleveke er faktisk "Nettverk". Når FUG (Foreldreutvalet for grunnskulen) og styringsgruppa for Grunnskuleveka har valt dette temaet, er det tenkt nettverk og nettverksbygging i vid tyding., både innanfor kultur, miljø og forbruk og fysisk fostring. Vi vil utfordre alle grunnskulane i Skodje til å følgje opp og gjere noko ut av årets tema. Prosjektleiari og representantar for verdirådet vil kunne lage ein plan for å kome rundt til alle skular og grender for å orientere om verdiprojektet og opprette bruer til enkeltpersonar og organ for vidare samarbeid. Barnehagar, pensjonistlaget, grender og større lag vil bli utfordra til å tenkje liknande rammer for informasjon om verdiprojektet.

Tema for verdimøte: Relasjonar


Stad/tid	Målgruppe	Ansvarleg for gjennomføring	Ønskelege samarbeidspartnarar	Økonomi
Høveleg lokale, nov/des	Innbyggjarane i Skodje kommune	Prosjektleiari	Politikarar Repr. for adm Repr. for lag og org.	Beverting

Tiltaksskildring:

Stort verdimøte der vi knyter til oss ein nasjonal storleik som kan gje spenstige innspel til det vidare verdiarbeidet. Bjørn Hansen, m.a. kjend som trenar i Rosenborg, har sagt seg villig til å kome til Skodje på kort varsel.

Det har vist seg føremålstenleg å få på plass eit autoritativt panel under slike større verdimøte. Elles kan dette verdimøtet vere profileringsarena for gamle og nye politikarar til å tenkje opp og fram om utvikling i Skodje.

Forskningsprosjekt: Barn i spenningsfeltet				
Stad/tid	Målgruppe	Ansvarleg for gjennomføring	Ønskelege samarbeidspartnarar	Økonomi
		Høgskulen i Volda Prosjektleiari		
Tiltaksskildring:				



VEDLEGG 1

Befolkning

Befolkninga i Skodje tel om lag 3500 innbyggjarar, med nesten likeleg fordeling mellom menn og kvinner. For 1997 viser teljinga 1750 kvinner og 1755 menn.

Folkevekst

Folketalet i kommunen hadde ein markant auke på 70- og 80-talet med ein gjennomsnittleg auke på høvesvis 2,9 og 1,5 % pr. år. I åra 1990-1992 var tilveksten negativ, medan ein i 1993 fekk ein svak oppgang. I 1998 hadde kommunen ein svak nedgang, med 3505 pr. 01.01.98 og 3492 pr. 01.10.98. Prognose frå Statistisk Sentralbyrå viser at Skodje truleg vil ha same innbyggjartal i 2010, dvs om lag 3500.

Aldersfordeling

Skodje har ei ung befolkning der aldersgruppene 0-19 år og 20-39 år utgjer til saman om lag 60 % av innbyggjartalet, medan aldersgruppa 40-59 år utgjer om lag 23 %.

Flyttemønster

Flyttebalansen (netto innflytting) for Skodje var i 1998 på -30. Mykje av flyttinga går mellom Skodje og nabokommunane, med Ålesund på topp. Sjølv om netto innflytting for 1998 viser eit lavt tal, er tala på ut- og innflytting ganske store. I 1997 flytta det ut 154 personar og til 180 personar. Berre i 1997 kom det altså innflyttarar til Skodje som utgjorde 5 % av folketalet.

Utanlandske statsborgarar

Skodje kommune hadde pr. 01.01.98 39 utanlandske statsborgarar. Av desse kjem 21 frå Europa, 17 frå Asia og 1 frå Amerika.

Næring

Arbeidsplassar fordelt på næring i Skodje i 1993 såg slik ut:

- | | |
|---|------|
| 1. Offentleg og privat tenesteyting: | 34 % |
| 2. Industri: | 29 % |
| 3. Transport, lagring, post, telekommunikasjon: | 10 % |
| 4. Byggje- og anleggsverksemd: | 9 % |
| 5. Varehandel: | 8 % |
| 6. Landbruk: | 7 % |
| 7. Bank, finans, forsikring: | 3 % |

Dei viktigaste næringsorganisasjonane i kommunen er Skodje bondelag, Skodje skogeigarlag og Skodje næringslag

Funksjonshemma

Sambygdingar med funksjonshemmingar er ikkje ei einsarta gruppe. "Å vere funksjonshemma" er ei individuell kjensle av å kome til kort, og må relaterast til det funksjonsområdet det er naturleg at ein skal fungere i. Funksjonshemmingar er likt fordelt mellom unge og eldre i alle samfunnslag, og representerer i utgangspunktet normalsituasjonen for storsamfunnet. Til liks med innbyggjarar elles i ein kommune, har innbyggjarar med funksjonshemmingar - synlege og ikkje synlege - individuelle behov for å setje funksjonshemminga si på "dagsordenen".

Somme vel å gå til det offentlege for å få hjelp - signaliserer eit "hjelpebehov". Sambygdingar som i ein kortare eller lengre periode av livet sitt kjenner på behov for storsamfunnets hjelp eller støtte, som signaliserer slikt behov for hjelp, eller endå til krev det, kostar oss midlar som vi elles kunne ha brukt til mange andre gode formål. For å kome hjelpebehova i møte - nokre er til og med rettmessige og pålagde oss gjennom lovverket - organiserer vi gjerne hjelpeordningar ved å

rubriserer etter type funksjonshemming. Hovudgrupper er gjerne "fysiske-" eller "psykiske-". Under desse lagar vi nye grupperingar, t.d. "med hjertefeil", "slagpasientar", "psykiatri-tilfeller", "blinde og svaksynte", "rullestol-brukarar", "psykisk utviklingshemma", "hørselshemma", "sosialklientar", "arbeidsledige", "trafikkskadde", og mange, mange fleire. "Alle" kjenner ein eller annan her. Sidan det er mange både med usynlege funksjonshemmingar og med samansette funksjonshemmingar, og der ofte den eine skaden fører med seg fleire, er det uråd her og no å talfeste omfanget av sambygdingar med funksjonshemming. Det vi veit er at det bur relativt mange i kommunen med medfødd funksjonshemming eller utviklingshemming. For mange er ikkje utviklingshemming den største funksjonshemminga deira i høve til t.d. livskvalitet

الصليبي الأحمـر اللبـتـاني

Dersom du kan lese dette, er du ikkje funksjonshemma - i Arabarverda. Til vanleg kan vi ikkje lese det som står her. Det kan liknast med eit "lyte" eller ei hemming. Slik har dei fleste opplevd å vere "funksjonshemma" i andre situasjonar også: Når vi ikkje heilt veit korleis ei praktisk eller teoretisk utfordring/oppgåve skal løysast. - Vi manglar kunnskapen eller erfaringa som må til - fordi det ikkje har vore aktuelt tidlegare - fordi vi ikkje har vore nøydde til - eller brydd oss om - å skaffe oss kunnskapen/erfaringa som må til. Dette er "normalt".


I ein verdidebatt er det viktig å ha eit slikt utgangspunkt. Dernest må innbyggjarane både kvar for seg, og som organisatorisk eining (kommune) drøfte kor langt vi vil strekkje "normalen" for å inkludere sambygdingar med funksjonshemmingar i handlingar og organisatoriske "handgrep" som skal ha positiv effekt for verdikommunen.

I Skodje treng vi ikkje å kunne arabiske skriftteikn for å kunne fungere. Dersom det likevel skulle vere viktig informasjon i teikna ovanfor, og det står mykje på spel for å kunne tolke dei - og vi mislukkast i dette - endar det med ei kjensle av å ha "tapt" eller å ha "kome til for kort" - kanskje også å vere litt "funksjonshemma". Det er vondt - vi opplever at livskvaliteten er forringa. Så lenge ei slik forbigående "funksjonshemming" ikkje kostar noko, korkje personleg eller for storsamfunnet, reknar vi det ikkje for å vere ei funksjonshemming. Vi løyser den forbigående "plaga" på heilt individuelt vis.

Det som kjenneteiknar nokre av desse grupperingane er at dei "kostar meir enn dei yter". Via styringsmodellane som gjeld, er det eit ideal at alle innbyggjarar i ein kommune skal hente ut dei offentlege service-ordningane vi etablerer, nærast mogleg der ein bur. Vi kallar det kommunalt sjølvstyre, og er noko vi vil. Dermed vert det vårt ("kommunens") ansvar også å finansiere dei hjelpeordningane som dei "ikkje-produktive" kostar. I knappe tider er det ei utfordring å organisere lovpålagde hjelpeordningar på ein mest mogleg "rasjonell" måte.

Nokre typar funksjonshemmingar fordrar stor privat og/eller offentlig innsats om deira møteplassar og livskvalitet skal oppretthaldast eller ha kvalitativt same verdi som den vi elles reknar for sjølv sagt i samfunnet. Somme vert påført ei funksjonshemming som følgje av fysiske eller psykiske skader, andre har funksjonshemminga frå fødselen av. Behovet for grad av innsats for desse er like mangslungen som for "oss andre", men er gjerne avgrensa av storsamfunnets ambisjonar - viljen og evnen til å ville differensiere. Viljen er oftast til stades, evnene er avgrensa, t.d. av kunnskap og økonomi. Nokre behov for møteplassar har kome på dagsordenen den siste tida, t.d. behovet for eit psykiatrisk dagsenter. Andre har slikt dagsenter frå før. Tanken med begge er at sambygdingar med funksjonshemming - utvikla over tid, eller medfødd - skal ha ein møteplass der "evner og anlegg" skal kunne finne næring i samvær med andre, og utvikle seg i tråd med det som passar den einskilde, vere eit aktiviseringstilbod som erstatning for "lediggang", og såleis gje mening og livskvalitet på "betre nivå" under kvalifisert rettleiing og hjelp. ("trenar"). Nokre har ikkje dei føresetnadene som trengst for å kunne vere med på å oppretthalde aktiviteten, det vere seg reint fysisk eller på anna måte. Ofte nyttar vi uttrykket om at dei "må dragast med", det vere seg til fotballbana eller symjehallen, på bingo eller til fjells. Evner og føresetnader er

ulike også mellom funksjonshemma. Det er nok slik at funksjonshemma "må dragast med" på ein meir synleg måte. Sagt med andre ord: "Det kostar meir" (energi, omtanke, økonomi etc.). Nokre er det vanskeleg å "drage med" fordi aktiviteten ikkje høver, eller fordi aktiviteten fordrar andre føresetnader enn det den funksjonshemma har sjølv om interessa kanskje er til stades. Ein rørslehemma kan godt like turar i skog og mark, eller å spele handball for den del. Men for å kunne vere med på det, må ein kunne gå og springe sjølv. Ein mongoloid har liv og rytme i kroppen, er glad og lett til sinns og likar musikk, men skiftar ikkje utan vidare takt og tone på ein måte som t.d. framføringa av eit musikkstykk med fleire medverkande i krev det. Av slike og andre grunnar har nokre sambygdingar med funksjonshemmingar fått etablert egne aktivitetstiltak for seg på litt av fritida si. Ofte vert dette sett på som særlege tiltak, organisert av betalte leiarar, og for det meste utanom det øvrige organisasjonslivet.




VEDLEGG 2


Kommunale Ytingsorgan

Dei kommunale Ytingsorgana er etablert for å ta seg av det offentlege tenestetilbodet; skular, barnehagar, eldretenester osv.


I 1995 vedtok kommunestyret ny administrativ organisering:

Organisasjonsplan





Etter organisasjonslistene skrivne ut 23.02.99 er det tilsett 285 personar i Skodje kommune. Talet er ikkje eksakt, då korte vikariat ikkje kjem med. I tillegg er det ikkje råd å setje likskapsteikn mellom tilsette og årsverk, då mange går i deltidstillingar.



VEDLEGG 3

Grender

Grendene i Skodje kommune er desse: Engesetdal, Stette, Brusdal, Svorta, Glomset, Skodje sentrum, Utvikbygda og Fylling. Fylling og Utvikbygda høyrer med til Skodje skulekrins, medan Glomset høyrer til Svorta skulekrins.

Meir enn halvparten av kommunen sine innbyggjarar (knapt 2000) bur i Skodjebygda, dvs Skodje skulekrins. Svorta skulekrins har om lag like mange innbyggjarar (knapt 800) som Brusdal, Stette og Engeset til saman. Desse tre sistnemnde småkrinsane har kvar mellom 250 og 300 innbyggjarar.

Skodjebygda har fram til midt på 90-talet hatt ein jamn vekst på om lag 0,7 % i snitt pr. år. Svorta hadde ein markant vekst frå 1982 til 1989 med eit snitt på 3,1 % pr. år, medan dei siste åra syner ein tilbakegang med eit snitt på 1,7 % pr. år.

Brusdal krins hadde i perioden 1982-1989 i snitt ein vekst på 1,5 % pr. år, medan tala for 1989-94 syner ein nedgang på 1 % i snitt.

På Stette har veksten vore sterkast i siste perioden med eit snitt på 1,6 % pr. år, medan ein i 1982-89 hadde ein vekst på 0,5 % i snitt pr. år.

Møteplassar

Grend	Skule i drift Pr. 01.08 99	Nedlagt skule som møte-lokale	Leikeområde ved skulen	Ballplass/grusbane min 30x50 m	Bedehus	Nærleik til natur og rekreasjonsområde	Lysløype	Andre særmerkje ved grenda
Engesetdal		X	X	X	X	X	X	Badeplass for bygda
Stette	X	X*	X	X		X	X	
Brusdal	X		X	X		X		
Svorta	X		X	X	X	X	X	
Glomset		X	X		X	X		
Skodje sentrum	X	X	X	X	X	X	X	Kyrkja
Utvikbygda						X		Grendehus
Fylling		X				X		

* Stavsetskulen (bygdemuseum)

Aktivitet

Grend	Idrettslag	Skulekorps	Sangkor	Søndagskule	Andre kristelege lag	Anna
Engesetdal	X	X		X	X	Sjå liste under kapittelet "Lag og organisasjonar"
Stette	X		X	X	X	
Brusdal	X				X	
Svorta	X		X	X	X	
Glomset	X				X	
Skodje sentrum	X	X	X	X	X	
Utvikbygda	X			X		
Fylling						

VEDLEGG 4

VaksenGruppa

Gruppa av vaksne reknar vi frå 20-67 år. I tal utgjer denne gruppa om lag halvparten av kommunens innbyggjartal. Det er i denne gruppa vi har den yrkesaktive delen av befolkninga.

Utdanning

Pr. 01.10.96 fordelte prosent av folkesetnaden etter høgste utdanning i alderen 16 år og eldre seg slik:

- Grunnskule: 24 %
- Vidaregåande skule: 54 %
- Universitet/høgskule: 20 %

Arbeidsløyse

I 1997 var 1,6 % av arbeidsstyrken utan arbeid. I tal utgjer det 26 personar, der 18 var kvinner og 8 menn. Vi låg godt under fylkesgjennomsnittet, som var på 2,5 %.

Arbeidsmarknadstiltak

I 1997 var det eit snitt på 0,6 %, dvs 10 personar på ordinære arbeidsmarknadstiltak i Skodje kommune. Personar på attføring var ikkje inkludert blant tiltaksdeltakarane.

Pendling

Ein oversikt frå 1990 viser at under halvparten av den yrkesaktive befolkninga arbeider i heimkommunen. Ein vesentleg del av dei som pendlar, faktisk over 400, arbeider i Ålesund. Både Haram og Ørskog gjev arbeidsplass til mange skodjebygdarar.

Møteplassar

For den vaksne delen av Skodje si befolkning er det mange møteplassar, både formelle og meir tilfeldige. Heimane og dei ulike arbeidsplassane er kanskje dei viktigaste og mest brukte for diskusjonar, refleksjon og utvikling av sosiale nettverk. Men vi kan vidare liste opp: Kyrkja, bedehusa, idrettslaga sine hus og anlegg, skulane, kafeen, Long Horn, Jentekolonien, gamle barneskulen, idrettshallen og foreldremøteplassar.

Ulike uformelle møteplassar: bensinstasjonen, butikkane, båthamna, natur/friluft, gangvegen/vegane.

Aktivitet

Vaksengruppa har stort sett følgjande gjeremål i fritida (anten ein eller fleire):



- Leie aktivitet for barn og unge.
- Leie aktivitet for vaksne/eldre.
- Drive rekreasjonsaktivitet åleine eller saman med andre.
- Arbeid med hus og heim.
- Passivitet



VEDLEGG 5

Barn

Barn definerer vi i denne sammenhengen som aldersgruppa 0-13 år, dvs barn t o m 7. kl på barneskulen.

Totalt viser fødselstala frå 1986-1998 626 barn.





VEDLEGG 6

Lag/organisasjonar

Organisasjonar/lag i Skodje kommune er det mange av. Tabellen under viser oppgåve over ulike lag i Skodje. Vi tek atterhald om moglege feil, då listene ikkje er oppdaterte.

Laget sitt namn	Kontaktperson	Medlems- tal	Eige hus/ lokale?	Type aktivitet
Skodje KFUM	Kjell Sve			
Stette/Engesetdal bl.kor	Torbjørn Stavset			
Stette søndagsskule	Ole Per Storhaug			
Stettevik misjonssambandsforening	Ivar Stige			
Stette barnelag	Gunvor Stige			
Stettevik sportsklubb	Bent Leite			
Utvikbygda vel/idr.foren	Irene Dyp Utvik			
Valde IL	Kari Mette Stang			
Valle barne- og ungdomskor	Lidvar Brandal			
Valle In*Puls	Ansgar Hagen			
Valle Indremisjon	Audun Starheimsæter			
Valle søndagsskule	Gustav Indreeide			
Valle og Håhjem misjonssambandsforening	Dagny Indreeide			
Ytreskodje velforening	Inger Valde			
Grindvika Vel	Ellen Nesvik			
Krik	Jan Tore Hamnøy			
Ålesund Seilforening avd Skodje	Harald Tronstad			
MAU	Aina Gundersen			
Kyrkjekoret	Trond Gisnås			
Vårsol	Kårhild Ramstad			
Fjord Cadenza	Øystein Molvær			
Skodje og Ørskog Mållag	Ola Gram			
Skodje småbåtforening				
Skodje/Ørskog LHL	Håkon Almestad			
Skodje 1. KFUK	Marit Lona			
Skodje Ungdomskorps	Bente Skarbø			
Skodje Kristelege ungdomskor	Silje Rasmussen			
Skodje søndagsskule	Gerd Ellefsen			
Skodje misjonssambandsforening	Gunnar Hamnøy			
Skodje misjonssambands kvinne-forening	Karen Hofseide			
Budbæreren kvinneforening	Gerd Skodje			
Flink guttelag	Kjetil Aure			
Skodje barnekor	Asbjørg O. Sve			
Skodje sogelag	Louis Giske			
Skodje IL	Harald Kjærstad			
Skodje Røde Kors, besøkstenesta	Aud Valde			
Skodje Kristelege ungdomsklubb	Ole Bjørn Vik			
Skodje jeger- og fiskeforening				
Skodje Lions	Ola Leite			
Skodje Røde Kors, barnehjelpe	Rigmor Skodje			
Skodje musikkor	Kenneth Aure			
Skodje Brigde Klubb	Rune Skodje			
Skodje blandakor	Tor Ulvestad			
Skodje hagelag	Anne Britt Myrset			
Lars-Petter Vegen Vel	Odd-Ståle Haukeberg			
Skodje skulekorps				
Skodje Trial klubb				
Skodje Pensjonistlag	Petra Leite			




Skodje Røde Kors, Lokallag	Øystein Molvær			
Skodje IUF	Bodil E Tveter			
Brusdal Vel	Helge Holgersen			
Brusdal IL	Sølvi Lillevold			
Brusdal 4H	Inger Lise Gjerde			
Engeset Søndagsskule	Kari Græsdal			
Engesetdal skulekorps	Petter Arne Ekroll			
Engesetdal/Skodje skyttarlag				
Engesetdal IL	Modolf Hareide			
S.klubben	Turid Ekroll			
Erstad og Beite Velforening	Petter Kåre Beite			
Norrøna Sportsklubb	Jarle Ekroll			
Engesetdal/Fylling misjonssambandsforening	Knut Strand			
Engesetdal mannsforening	Johannes Hagebø			
Engesetdal kvinneforening	Klara Strand			
Nærradioforeninga	Bergljot Strand			
Fylling Grendelag	Torgeir Fylling			
Glomset IL	Leif Glomset			
Glomset Bygdelag	Odd A Nordstrand			
Glomset Bedehus	Birger Blindheim			
Glomset misjonssambandsforening	Leif Honningdalsnes			
Solglimt barneforening, Glomset				
Hvite Bånd Barnelag	Else Vadset			
Skodje Idrettsråd	Odd Grande			
Indre Berget Vel	Svein Johnsen			
KFUM/KFUK Speidarhytta	Vigdis Solnør			
Mørkeset Søndagsskule	Inger Abelvik			
Tamil kultur barnegruppe	S. Nageswaran			
Nordre Sunnmøre Lokallag av NFPU	Wenche Akselsen			
Nymarka Vel	Mari Valde			
Skodje husmorlag	Dagny Relling			
Skodje dykkerklubb	Per Gunnar Vidhammer			
Skodje Indremisjon	Solborg Brandal			

VEDLEGG 7

Unge

Unge definerer vi i arbeidet med verdiprojektet som aldersgruppa 14-20 år, dvs seks alderstrinn frå og med ungdomsskulealder og oppover. Oppgåve etter barnetal etter fødselsår pr. 01.01.94 viser 373 ungdommar i Skodje fødte i 1980-85.

Statistikk over ungdom fødte i 1980-85 i Skodje kommune




VEDLEGG 8

Eldre

Eldre definerer vi som dei som har nådd ordinær pensjonsalder, dvs 67 år, og eldre.

Fylkesstatistikken viser at det i Skodje i 1997 var 405 personar over 67 år. Av desse var 281 i alderen 67-79 år og 124 over 80 år. Den grafiske framstillinga under viser folketalsframskriving i perioden 1997-2020.



Bruk av dei kommunale bu-, pleie- og omsorgstenestene (tal pr 01.12.97)

Tenestetilbod	67-79 år	% av gruppa	Over 80 år	% av gruppa
Kommunale bustader for eldre m/funksjonshemming	8	2,9	16	13,6
Brukarar av heimetenestene	28	10,1	42	35,6
• Både h.sjukepleie og pr. hjelp	9		22	
• Berre heimesjukepleie	8		6	
• Berre praktisk hjelp	11		14	
Avlastning frå heimetenestene	0	0	0	0
Støttekontakt	2		0	

I tillegg til tenestetilbodet som er skissert over, får nokre få tilkjørt middag, som dei betaler for. Nokre ganske få har også tryggleiksalarm.

Opplysningane i tabellen gjev oss elles ein peikepinn på at vi har ei svært oppegående og vital eldregruppe i Skodje. Berre 13 % mellom 67 og 79 år og knapt 50 % av dei eldre over 80 år gjer seg bruk av eit kommunalt tenestetilbod.

VEDLEGG 9

Råd og utval

Råd og utval som utgjør den politiske styringsstrukturen i Skodje kommune, har vore under revisjon og endring dei siste kommunestyreperiodane. På slutten av 1980-talet hadde vi t.d. 4 hovudutval som sorterte under formannskapet; hovudutval for undervisning, hovudutval for kultur, hovudutval for helse- og sossialsaker og hovudutval for tekniske saker.

I september 1994 gjorde kommunestyret vedtak om ny politisk styringsstruktur, som har vore gjeldande for denne valperioden:

Politisk styringsstruktur i Skodje frå 1995 - 1999

